



Sveio kommune



Årsrapport 2020





Innhald

Sveio kommune.....	3
Ordførar – året som gjekk	5
Rådmannen innleiar	7
Sveio – samfunnet.....	8
Politisk organisering	15
Organisasjonen.....	17
KOSTRA – tal per rammeområde	19
Rammeområder	30
Kultur	31
Politisk	34
Oppvekst - skule.....	36
Oppvekst – barnehage.....	41
Helse og rehabilitering med fellestenester	44
Pleie og omsorg.....	46
NAV med flyktningavdeling.....	48
Barneverntenesta	50
Habilitering	53
Teknisk og næring.....	54
VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon.....	58
Sentraladministrasjon.....	59
Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellesråd	62
Økonomi.....	64



Sveio kommune

Vilje til vekst – ein god stad å bu

	2018	2019	2020
Folketal, pr. 31.12	5 721	5 766	5 798
Folkeauke, pr. 31.12	0	45	32
Folkeauke, pr. 31.12 i %	0,00 %	0,78 %	0,55%
Netto innflytting	-33	29	11
Fødselsoverskot	33	16	21





Ordførar – året som gjekk

Størstedelen av 2020 har vore prega av koronapandemien, som den 12. mars førte til heimeundervisning, heimekontor og lite sosial kontakt for å nemnde noko, når regjeringa satt i verk dei mest inngripande tiltaka Noreg har sett i fredstid.

Covid-19 og smittevern har gjort 2020 til eit utfordrande og krevjande år på mange måtar. Ein stor del av ordførar sitt arbeid i første halvpart av året var via til møter i kriseleiinga og ellers arbeid og digitale informasjonsmøter på fylkeskommunalt og statleg nivå om covid-19 og smittevern.

Politiske møter har delvis vore gjennomført digitalt og fysisk, på smittevernvenleg måte. Eit kommunestyremøte vart halde digitalt etter mars, medan resten av kommunesyremøta vart halde i auditoriet på Vigdartun, for å sikra 1 meter avstand i tråd med oppmodingar om smittevern frå sentrale styresmakter.

Før koronapandemien kom for fullt i mars gjennomførte kommunestyrerepresentantane folkevaldopplæring i februar. Kommunestyret var samla på Stord over to dagar, der gode og viktige tema stod på dagsordenen. Det var to svært lærerike dagar i saman med dyktige folkevalde i Sveio.

I 2020 hadde me ei digital markering av 8. mai - 75 år sidan. Krans blei lagd ned på alle minnestøttene i Sveio, med talar som blei publisert på Sveio kommune si Facebook side.

17. mai feiring i 2020 kunne ikkje gå føre seg slik det vanlegvis gjer, med tog og større folkemengder. Saman med 17. mai komitéane i Sveio, Auklandshamn, Førde og Valestrand, la kommunen til rette for ei direktesending på internett, som vart strømmen på Sveio kommune si Facebook side. Kommunen var og med på eit innslag på TV-Haugaland, saman med andre kommunar på Haugalandet.

Av viktige prosjekt i Sveio vil eg nemnda arbeid med kommuneplan og sentrumsplan, vidare arbeid med aktivitetshus, vedtak om å bygga brannstasjon i Sveio sentrum, ferdigstilling av vidare lysløype rundt golfparken, vidare arbeid med badeanlegg og idrettshall, ferdigstilling av Sveiogata og arbeid med etablering av dagsturhytta som er plassert på veg opp til Emberlandsnipen og har fått namnet «Nipaståvo».

Av saker Kommunestyret har handsama kan kort nemnast samfunnsdelen til kommuneplan, sak om å greia ut kva som er det mest tenlege fylket for Sveio å tilhøyra i framtida, Vestland eller Rogaland.

Grunna covid-19 har fleire kulturarrangement måtte avlysast, blant anna Fartein Valen festivalen. Kulturstipendet gjekk i 2020 til klatraren Ingrid Kindlihaugen, Sveio drilltropp og teaterlaget teARTig.

TV-aksjonen 2020 hadde tema «Plast i havet». Saman med Sveio frivilligsentral og Bremnes seashore arrangerte kommune plastyddeaksjon under TV-aksjonen. Dette var ein stor suksess.

Alle husstandar i kommunen fekk tilsendt turhefte «På tur i Sveio».

Møter i regionen i 2020 hadde viktige oppgåver på agendaen, som til dømes brannsamarbeid, utvikling på Husøy, Haugalandspakken, innspel til NTP, Hordfast, Rogfast og fergefri E39, faste møter



i Haugalandrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og generelt samarbeid i regionen. Dei fleste møter i regionen vart halde digitalt etter 12. mars.

Koronapandemien har verkeleg gjort oss «drilla» i digitale møteverktøy. Ordførarkollegiet i regionen har hatt et tett samarbeid med jamlege digitale møter gjennom heile året.

Ordførar vil rose alle tilsette for innsatsen i 2020. Eg er imponert over det arbeidet som er lagt ned i annleisåret 2020. Tilsette har på ein eineståande måte stått på, og snudd seg rundt i ein krevjande kvardag. Mange har strekt seg ekstra langt dette året, og me folkevalde er djupt takksame overfor dei tilsette.

Linn Therese Erve
ordførar



Rådmannen innleiar

Året 2020 var spesielt for Sveio kommune, som det har vore for resten av landet. Heile året har vore prega av arbeid med covid-19. Fyrst med uststrakt planlegging og gjennomgang av beredskaps- og bemanningsplanar. Dernest med nedstenging av samfunnet i mars 2020 og oppbygging og endring av tenester, som blant anna kohortavdeling på sjukeheimen for personar som skulle trenge sjukeheimsbehandling ved covid-19-smitte, testsenter for koronavirus, digital heimeskule over lang tid og løypande vaksinasjon av innbygarane.

Tilsette, leiarar og innbygarar skal ha stor takk for korause dei har vore gjennom året. Me hadde ikkje greidd å levera tenester parallelt med pandemitilpassingane utan dyktige, omstillingsvillige og oppofrande tilsette og leiarar. Rådmannen vil retta ei stor takk til alle som har ytt ein stor ekstra innsats for at innbygarane i kommunen har motteke så gode tenester som mogleg i 2020.

Organisasjonen har i stor grad fått praktisert beredskapsarbeid ved ulike hendingar. Ein vil kort nemna nedstenging av samfunnet i mars og enkelthendingar gjennom året etter påvist smitte blant personale eller brukarar av tenestene. Dette gjeld både innafor oppvekst og omsorgsområda. Kommunen sin evne til å agera på akutte hendingar og finna fleksible løysingar i drift av tenestene har auka betrakteleg gjennom året.

Året har gitt ei positiv folketalsutvikling for kommunen, sjølv om talet på born i barnehagealder fell i forhold til tidligare år. Ein har gjennom året arbeidd med områdeplan for Ekrene og byggemodning av nytt kommunalt bustadfelt i Sveio sentrum (tomtene kjem for sal i 2021). 2020 vart siste året, i denne omgang, at Sveio kommune vart oppmoda om å ta imot flyktningar frå staten. Det vart difor starta ei nedtrapping av tenesteomfanget innanfor dette feltet.

Ved Sveio skule vart renovering av gamledelen av skulen ferdig og teke i bruk hausten 2020. Denne står no i all hovudsak fram som ny. I Sveiogata er det etablert nye vass- og avlaupsrør og etablert tosidig fortau. Samstundes blei det starta opparbeiding av gang- og sykkelveg frå Vikse skule og vestover til Straumavegen. Både fortau i Sveiogata og gang- og sykkelveg ved Vikse skule er eit samarbeidsprosjekt med Vestland fylkeskommune. Deltakarane i Haugalandspakken fekk, med bakgrunn i for lite midlar til å realisere alle prosjekta, avklart korleis dei resterande midlane frå pakken skal fordelast. For Sveio sin del er det avsett 15 millionar til trafikksikringstiltak på Ekrene og ny strekning på fylkesveg 47 frå Fagerland til Førland i Haugesund kommune.

Sveio kommune vart i 2020 tildelt 8 millionar i støtte for ytterlegare utbygging av breiband. Desse prosjekta er no på anbod, med tildeling ut på hausten 2021.

Arbeidsmarknaden har, for mange, vore svært utfordrande i 2020, med store svingingar i talet på arbeidslause. I skrivande stund er talet 3,3 %, medan ein ved inngangen til 2020 låg på 2,1 %.

Netto driftsresultat enda på 9,8 millionar kroner. Dette er 1,9 % av brutto driftsinntekter. Det var eit betydeleg meirforbruk i tenestene, dette har motsvara seg i høgare inntekter – og då spesielt frå havbruksfondet – enn på budsjetteringstidspunktet.

Med ønskje om god og informativ lesnad!



Jostein Førre
rådmann



Sveio – samfunnet

Folkesetnad

Sveio kommune har eit samla tal på innbyggjar per 31.12.2020 som er 5 798.

Dette er høgare enn Statistisk Sentralbyrå (SSB (MMMM)) sine prognosar for framskrive folketal, der ein har forventa ein årleg vekst på gjennomsnittleg 29 personar.

Det blei født 59 born i kommunen i 2020, mot 58 barnefødselar i 2019. Frå 2019 til 2020 har ein hatt ei auke i folketalet på 32. Dette skyldas ei positiv netto innflytting, fødselsoverskot og særleg innvandring i 4.kvartal



Befolkningsvekst i Sveio kommune

Ei folkeauke gjev kommunen inntekter og betre grunnlag for næringsliv, samstundes vil ei sterk folkeauke gje utfordringar i høve til tenestetilbodet kommunen tilbyr. Sveio kommune har ei ung befolkning. På landsbasis er 6,4 % av befolkninga under 6 år, medan Sveio har 7,2 % av befolkninga under 6 år. 23 % av befolkninga er under 20 år på landsbasis, medan denne aldersgruppa står for 27



% av befolkninga i Sveio. Me ser difor at kommunen har ei ung befolkning samanlikna med landet generelt. 3,9 % av befolkninga er over 80 år i Sveio, medan 4,4% i resten av landet er over 80 år.

Det er størst auke i folketal i den sørlege delen av kommunen og Sveio sentrum. Dette heng saman med at denne delen ligg nær Haugesund. I den nordlige delen av kommunen har det vore svak fråflytting. Kommunen har i Kommuneplanen 2011-2023 ønske om å forsterka tettstadane, ta vare på den desentraliserte busetnaden og ha levande bygder. Utviklinga fram til no har vore i samsvar med denne planen.

Busetnad

Per 6. oktober 2020 opererer Statistisk sentralbyrå med to tettstadar i kommunen: Sveio med 1528 innbyggjarar og Rophus med 366 innbyggjarar. Kommunen sitt generelle busetnadsmønster er spreidd mellom bygdelaga, men med størst konsentrasjon i søre del av kommunen, der krinsane Sveio og Vikse utgjer storparten av busetnaden.

Byggeaktiviteten dei siste femten åra har medført stor vekst, særleg i Sveio sentrum, Rophus og Ekrene Aust. Statistikken syner ein topp i 2015 og 2016 då det blei godkjent om lag 70 nye bustadeiningar i kommunen i kvart av desse åra. Det har vore noko nedgang i åra etter dette, med høvesvis 44 nye bustadeiningar i 2017, 41 nye bustadeiningar i 2018 og 26 nye bustadeiningar i 2019. Denne nedgangen held fram, då det i 2020 blei godkjent 13 nye bustadeiningar. Trass relativt konsentrert vekst, er det framleis spreidd byggeaktivitet òg i dei mindre bygdene i kommunen. Desse kan mellom anna tilby kvalitetar som landlege omgjevnadar og sjønær tilgang.

Samstundes held trenden med bruksendring frå fritids- til heilårsbustad frå tidlegare år fram. I tillegg til at innbyggjartalet har vore på kraftig veg opp dei siste 10-15 åra, er Sveio òg ein populær hyttekommune. I 2019 vart det godkjent 15 nye fritidsbustadar, mot 9 året før.

Utdanningsnivå

For å belysa utdanningsnivået i Sveio kommune kan me sjå på delen av innbyggjarane i Sveio som er over 16 år og har fullført høgare utdanning. Statistisk sentralbyrå definerer kort høgare utdanning som minimum fullførte 2 år (120 studiepoeng) eller inntil 4 år med høgskule- eller universitetsutdanning. Tal frå 2019 viser at Sveio har 25% av si befolkning som har denne utdanninga. Dette er under gjennomsnittet på 34,6 % på landsbasis. For Hordaland er snittet 35,3 %.

Kjønnslikestilling

Det er fjorten indikatorar som er analysert for å sjå korleis likestillinga er mellom menn og kvinner i kommunane. Frå og med statistikken frå 2010 vart likestillinga ikkje lenger målt ut i frå eit indeks tal, men satt saman i frå nemnte indikatorar.

Av tabellen kan ein sjå at fleire indikatorar visar ein stabil eller lita endring i likestilling i Sveio. Indikatoren som viser størst positiv utvikling er andelen kvinner med høgare utdanning, den er gått frå 31,7 til 31,8. Del sysselsette kvinner som arbeida deltid har auka frå 52,1 til 52,6.. Størst negativ utvikling har del fedre som tar heile fedrekvoten eller meir av foreldrepengeperioden (-11,1%) del menn i arbeidsstyrken (-0,80%) og andelen barn 1-5 år i barnehage(-0,70%)

Me har samanlikna kommunen med landsgjennomsnittet og snittet i Hordaland. Tala for 2020 kjem i løpet av 2021.



Indikator	Sveio	Sveio	Noreg	Hordaland
	2018	2019	2019	2019
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	92,8	92,1	92,1	93,1
Andel kvinner blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	44,0	44,0	39,0	37,4
Andel menn med høyere utdanning (prosent)	18,7	19,0	30,1	30,5
Andel kvinner med høyere utdanning (prosent)	31,1	31,8	38,8	40,0
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	80,8	80,0	80,1	80,7
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	75,9	75,5	75,4	76,9
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	10,9	10,7	14,7	14,4
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	52,1	52,6	37,3	38,3
Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepengeperioden	72,8	61,7	62,2	63,7
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,46	0,46	0,60	0,59
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	77,6	78,1	70,3	70,2
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	31,2	30,7	36,7	37,0
Andel kvinner blant ledere (20-66 år) (prosent)	39,8	40,0	36,8	36,4
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skole (skår)	0,56	0,58	0,67	0,66





Kultur

Kommunen si satsing på kultur er til ein viss grad styrt av overordna føringar og pålegg, men arbeidet står i stor grad på lokale prioriteringar. Aktivitetsnivået er avhengig av eksterne midlar, der kommunen sine tilskot er den føresette grunnkapitalen.

Kommunen og frivillige lag og organisasjonar står for eit variert tilbod av kulturaktivitetar. Organisasjonar innan idrett og kultur blir støtta gjennom ulike stønadsordningar samt ein del praktisk hjelp. Med frivilligplan for Sveio håpar ein å styrka samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor. Kommunen har mellom anna tilbod til born og unge gjennom Sveio kulturskule, Den kulturelle skulesekken, Sveio ungdomsråd og Vigdartun fleirbrukshus. Det er i dag ei 100% stilling som ungdomsarbeidar/tilsynsvakt tilknytt Vigdartun.

Det gis kulturtilbod til seniorar gjennom «Den kulturelle spaserstokken» i samarbeid med Senioruniversitetet, Sveio omsorgssenter og Ryvarden kulturfyr.

Sveio folkebibliotek er aktiv og gjev tilbod til heile befolkninga. Etter etablering av sjølvbetjent og meirope bibliotek har ein dei siste åra hatt tildels omfattande endringar. Det gis no eit godt tilbod med betjent og ubetjent bibliotek. Det er og oppretta stilling 50% som skulebibliotekar.

Det blir arbeidd kontinuerleg med oppfølging av tiltaka i kulturminneplanen. Planen er under rullering. Kommunen administrera ei fylkeskommunal tilskotsordning som er viktig for å støtta opp under private eigarar av verdifulle kulturminne. Arbeidet med skilting av kulturminne held fram og blir sett i samanheng med merking og skilting av turstiar.

Prosjektet *Merking og gradering av turstiar* er avslutta. Vidare skal merking og gradering av turstiar, finansierast med tilskot frå spelemiddelordninga.

Ei styringsgruppe i Valestrand har ansvaret for å drive eit treårig «Liv og Lyst»-prosjekt, som har lokalsamfunnsutvikling og entreprenørskap som formål. Prosjektet går over tre år og blir støtta av Vestland Fylkeskommune og Sveio kommune, som partner i prosjektet.

Spelemidlar bidrar til utbygging av ulike idretts- og aktivitetsanlegg, noko som er viktig både for den organisert idrett, for å fremje eigenorganisert fysisk aktivitet og i eit folkehelseperspektiv. Arbeid med planlegging av badeanlegg og nytt idrettsanlegg/ny idrettshall og utbygging i Sveio golfpark står sentralt i arbeidet. DNT-hytter i regi av Haugesund turistforening, 'Flokehyttene', vart opna hausten 2020 og er særst populære.

I desember 2019 vart det vedteke å byggje Dagsturhytte i Sveio, etter modell frå Sogn og Fjordane fylke. «Nipaståvo» blir realisert i spleiselag mellom kommune, fylke, spelemidlar, BKK og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og står ferdig i løpet av våren 2021. Auklandshamn bygdelaug bidrar med dugnad på ferdigstilling og skal ha tilsynsansvar vidare.

Det vert satsa på dei kulturelle fyrtårna Ryvarden, Sveio Golfpark og arbeidet rundt komponisten Fartein Valen. Dei områda er også sentrale i kommunen si profilering.

Det har på ein del område vore redusert aktivitet i 2020 grunna korona-situasjonen. Dette gjeld arrangement generelt og undervisning i kulturskulen.



Natur, ytre miljø og ureining

Omsynet til naturmangfaldet er viktig i kommunen si arealplanlegging og ved løyve til tiltak. Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet kunne vore betre. Sør og vest i Sveio har Ecofact Sørvest kartlagt naturmangfald etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Dette er eit samarbeid med Statsforvaltaren i Rogaland for kartlegging på Haugalandet. Rapport frå arbeidet ligg ikkje føre enno.

Tilsette synfer Salamanderparken med jamne mellomrom, særskilt på førsommaren og på ettersommaren, og mest for å sjå etter salamander. På førsommaren er det aktuelt å sjå etter yngel, men slike er vanskeleg å oppdaga. I 2020 var det bra med yngel å sjå og den vart fanga på foto. I 2020 vart det drøfta planar for å fjerna sitkagran i og tett ved Salamanderparken. Det vart elles drøfta å fjerna litt vegetasjon i Salamanderparken og leggja betre til rette i parken for salamanderen si overvintring.

Kystlynghei har status som utvald naturtype, jamfør vedtak i statsråd 7. mai 2015. Kystlyngheia er ført opp som sterkt truga på raudlista for naturtypar. Ryvardsmarka har vore fremste satsingsområdet for kystlynghei i Sveio. I 2017 var 4,5 km² kystlynghei ferdig gjerda inn med 5,3 km gjerde. Det meste av finansieringa kom frå Statsforvaltaren sine prosjektskjønsmidlar og noko frå miljødirektoratet. Ryvardsmarka beitelag SA driv med sau som beiter lyngen og held kystlyngheia i hevd. Vestland fylkeskommune har ytt tilskot til informasjonsskilt som er sette opp. Jan Rabben har levert det meste av innhaldet på skilta. I 2020 låg sluttrapport frå Norsk landbruksrådgjeving Rogaland ved Anlaug Fludal føre.

Botaniske verdjar på Nesheim. Botanikar Bjørn Moe og sivilagronom Anlaug Fludal har over fleire år kartlagt botanikken i eit område på Nesheim med vekt på den freda og kritisk truga planta dvergmarinøkkel. I 2008 oppmoda Miljøvernministeren Sveio kommune om å ta særskilt ansvar for dvergmarinøkkel. Det er etablert overvakeringsruter med og utan beiting for vidare kartlegging. Dette arbeidet haldt fram i 2020.

Mykje av naturforvaltninga i kommunen er knytt til kulturlandskapet. Gardbrukarane held det meste av kulturlandskapet i kommunen i hevd. Medviten bruk for å ta i vare naturverdiane er styrkt i seinare år. Ymse tilskotsordningar har vilkår om miljøvenleg drift og omsyn til naturmangfaldet, som til dømes reglane om produksjonstilskot i jordbruket. Og nokre ordningar, slike som tilskot frå regionalt miljøprogram (RMP) og spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), støttar særskilt innsats for naturverdiane i kulturlandskapet. Det vart fastsett ny RMP-forskrift i 2020. Fleire typar tiltak, slike som nydyrking, inngrep i kulturlandskapet og bygging av landbruksvegar, er søknadspliktige der omsyn til naturmangfaldet er obligatorisk. Utvikling av kart- og innsynsløysingar har i seinare år gjort det mykje enklare for alle å skaffa seg kunnskap om naturverdiane. Omsynet til godt ytre miljø er integret i kommunen si planlegging og forvaltning.

Kommunen hadde ingen store ureinings saker i 2020, men nokre båtvrak vart fjerna frå strandsona. På saksområdet er siktemålet å vera føre var med god rådgjeving og å setja naudsynte krav i planar og i vedtak, slik at risikoen for ureining vert lågast mogleg.

Kommunen handsamar kvart år mange saker om sanitært utslepp frå hus og hytter. I 2020 gjekk søknader som gjeld hytter noko opp. Det skuldast truleg auka bruk i korona-situasjonen.



Kunnskapsgrunnlaget for å avgjera utsleppssaker skulle vore betre og helst skulle lokal forskrift vore på plass. Kommunen sin hovudplan for avlaup er såpass gamal som frå 1996 og tidlegare forskrift om separate avlaupsanlegg er oppheva ved fastsetjing av nytt nasjonalt regelverk. Vassforskrifta set krav til kommunane om å kontrollera separate avlaupsanlegg og syta for at dei stettar miljømåla innan 2027, og seinast innan 2033. Med om lag 2200 separate avlaupsanlegg i Sveio er dette eit stort arbeid. Rådmannen fremja i 2020 forslag om stilling for tilsyn med private avlaupsanlegg, men forslaget vart ikkje vedteke av kommunestyret. Rådmannen fekk i oppdrag å sjå på alternative løysingar med omsyn til denne oppgåva.

Kommunen bygde i 2020 ny avlauspumpepestasjon på Vikse. Private utslepp i nedslagsfeltet til Viksefjorden skal reduserast ved at desse vert kopla til det kommunale avlaupsanlegget. Vikse skule vart kopla på i 2020. I fylgje Vannett er den økologiske situasjonen i Viksefjorden svært dårleg og dette kommunale tiltaket vil venteleg betra vasskvaliteten.

Klima og energi


Klima- og energiltak som er planlagt, starta opp eller gjennomført i regi av drift og anleggsavdelinga:

- Sveio skule er tatt i bruk med solcelleenergi og stort varmpumpeanlegg basert på jordvarme.
- Det er planlagt innkjøp av elektrisk feiebil i 2021/22. Denne skal også nyttast til å fjerne miljøfarleg gummigranulat rundt kunstgrasbanen for å hindre at dette blir spreia i naturen og i vassdraga.
- Det er i 2020 kjøpt inn el-bil som tilsette ved kommunehuset kan bruke i kommunal teneste.
- Det vert kontinuerlig jobba med å finne og stoppe vannlekkasjar i leidningsnettet slik at ein kan få ned energiforbruket på vannbehandlingsanlegg og trykkforsterkningspumper.
- Nytt aktivitetshus er prosjektert med solcellepanel på taket og moderne SD anlegg for mellom anna optimal styring av energi.
- Det er montert opp 5 ladestasjonar ved Sveio omsorgssenteret i 2020 for el-bilar til heimetenesta. Det blir vurdert om ein skal setje opp 5 ekstra ladestasjonar i løpet av hausten 2021, i samband med overgang frå fossile til elektriske bilar.
- Det er montert ny stor energi effektiv varmpumpe ved Sveio omsorgssenter. All energistyring ved omsorgssenteret er kopla opp mot nytt SD styringsanlegg for optimal energi styring og kontroll.
- Sveio kommune jobbar med å få rådhuset sertifisert som miljøfyrtårn.
- Eit av satsingsområda i nyleg vedteken planstrategi er revisjon av Sveio kommune sin Energi- og klimaplan. Planarbeidet vil starte opp i løpet av 2021.
- Sveio kommune arbeidar med å sjå på moglegheita for å utvikle klimabudsjett. Ein solid energi- og klimaplan vil gjere utarbeiding av eit klimabudsjett lettare. Det vil derfor vere naturleg å starte på dette arbeidet etter ferdigstilling av Energi og klimaplanen for Sveio kommune.
- Sveio kommune er med i klimanettverket til Vestland fylkeskommune, som legg til rette for samarbeid, kompetanseutvikling og samskaping. Fokus i 2021 er fagleg påfyll til arbeid med klimaplan.
- Sveio kommune er og med i Klimanettverk Haugaland saman med Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira og Kvitsøy. Mandatet er å heve kompetansen innan klima og finne fram gode verktoy for utslippsreduksjon i kommunane. Klimanettverket har mellom eit samarbeid om klimavennlege anskaffingar og delt erfaringar knytt til utarbeiding av klimabudsjett. Aktiviteten i klimanetteverket har på grunn av koronasituasjonen vore noko redusert i 2020.



Politisk organisering

Kommunestyret består av 25 representantar og er Sveio kommune sitt øvste organ. Alt ansvar og mynde ligg i utgangspunktet her. For å få ei best mogleg organisering av den politiske verksemda blir ansvar og mynde fordelt til Kontrollutvalet, formannskapet og tre ulike hovudutval. Hovudutvala er delt inn i oppvekst/kultur, helse/omsorg og teknisk/næring



Arbeiderpartiet:

Linn Therese Erve
(ordfører)
Håkon Johnsen
Skimmeland
Asle Georg Halleraker
Maren Kristine Lye
Bårdsen
Ingrid Pedersen Furdal
John Anders Semb
Torgeir Tveit Katla

Høgre:

Lars Einar Hollund
John Kristian Økland
Mikal Møller Hovda

Kristelig Folkeparti:

Jarle Jacobsen
Anne Vierdal

MDG:

Ole-Ørjan Hov

Senterpartiet:

Monica Vandaskog Valen
Dagfinn Fagerland Bjørge
Ole Velde
Arne Valen
Andreas Sirevaag

Framstegspartiet:

Ruth G Ø Eriksen
(varaordfører)
Rune Teikari
Gustav Eidsvåg
Svein Mathias Lie

Sosialistisk venstre parti:

Kristina Våge Ballard




Uavhengig:

Ole Johan Sveen

Stian Nygård



Organisasjonen





Etikk



Sveio kommune har eit oppdatert etisk reglement for folkevalde og tilsette i Sveio kommune. Rådmannen meiner at ein etisk høg standard og kontinuerlig fokus på etikk er avgjerande for at kommunen skal fungere godt.

Tilsette

Det var ved årsskiftet 31.12.20; 486 tilsette og 382 årsverk i Sveio kommune. Av desse var 396 kvinner og 90 menn. Talla inkluderer 7 lærlingar. Talla inkluderer alle aktive tilsette per 31.12.20.

Sveio kommune arbeida kontinuerlig, saman med fagorganisasjonane for å redusera ufrivillige deltidsstillingar. Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen er 78,6 %.

Kjønnsfordeling



Sveio kommune har fokus på likestilling mellom kjønn mellom anna ved tilsetjing i stillingar og ved lønsfastsetjing. Gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner i kommunen er 78 % og for menn 84 %. Ein legg på same måte til rette for at alle skal ha like rettar, uavhengig av etnisk bakgrunn.



Sjukefråvær

Målsetning for sjukefråværet i 2020 var å ikkje overstiga 6,5 % i 2020. Av tabellen nedanfor kan me sjå at sjukefråværet i 2020 har vore på 7,5 %. Det har i 2020 vort eit spesielt år, men samtidig så har vi klart å oppretthalda normal drift. Kommunen har generelt gode oppfølgingsrutinar for sjukemeldte og einingane har rutinar for dialogmøte, oppfølgingsplan samt oppfølging av gravide arbeidstakarar. Sjukefråvær og utfordringar i samband med dette er månadleg tema på møter i strategisk leiing.




KOSTRA – tal per rammeområde

Om dei einskilde rammeområda

I følgjande tabellar og tekst er historisk statistikk frå dei ulike rammeområda synleggjort. Grafane visar historisk utvikling i netto driftsutgifter kvart år justert for deflator. I tala er Sveio kommune samanlikna med Landet utanom Oslo, Vestland fylke og kostragruppe 1. Kostragruppene er nye frå og med kostrarapporteringa 2020. Sveio kommune er no i kostragruppe 1, medan kommunen dei seinare åra har vore i gruppe 11. Kostragruppe 1 består av kommunar mellom 2 000 og 10 000 ibuarar, med låge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter.

**Grunnskule****Netto driftsutgifter til grunnskule (202), per innbyggjar 6-15 år (B)**

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2017	2018	2019	2020
Sveio	90 831,2	93 774,6	95 706,0	95 569,8
Landet uten Oslo	92 471,7	93 653,6	94 697,0	93 107,3
Kostragruppe 01	99 366,7	100 396,3	102 014,3	99 123,8
Vestland	101 516,8	102 409,6	104 116,2	96 604,8

I 2020 nytta Sveio kommune kr 95 570,- per innbyggjar 6-15 år til skuleområdet i følgje KOSTRA 2020. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 99 124,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 6-15 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til skuleområdet blitt om lag 3,1 millionar høgare i 2020. Om ein held skuleskyssen utaføre ville kostnaden vore ytterlegare 1,3 millionar kroner lågare enn kommunegruppa. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år i Sveio har gått opp med kr 4 739,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 243,- per innbyggjar 6-15 år i den same perioden.

**Barnehage****Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)**

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	159,359.2	165,049.3	162,358.4	178,188.7
Landet uten Oslo	155,901.3	160,993.9	166,671.3	168,129.3
Kostragruppe 01	155,784.0	161,544.3	164,330.4	165,982.2
Vestland	154,955.2	160,922.2	167,693.4	172,092.8


I 2020 nytta Sveio kommune kr 178 189,- per innbyggjar 1-5 år til barnehageområdet. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 165 982,2,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 1-5 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnehageområdet blitt om lag 4,3 millionar lågare i 2020. Om ein held utgifter til lokal og skyss utanom ville utgiftene i 2020 vore 6,0 millionar høgare enn gjennomsnittet i gruppa. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i Sveio har auka med kr 18 830,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 10 198 per innbyggjar 1-5 år i den same perioden.

Barnevern



Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	6,055	7,139	7,798	9,866
Landet uten Oslo	11,050	11,013	10,779	10,392
Kostragruppe 01	9,014	9,063	8,712	10,017
Vestland	9,956	10,570	10,650	10,691

I 2020 nytta Sveio kommune kr 9 866,- per innbyggjar 0-17 år til barnevern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 10 017,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 0-17 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnevern blitt om lag 0,2 millionar høgare i 2020. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at kommunen ligg om lag 2,2 millionar over kommunegruppa når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år har gått opp med kr 3 811,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 1 003,- per innbyggjar 0-17 år i den same perioden.


Pleie og omsorg

Område pleie og omsorg gjeld tenestene som i Sveio kommune leverast frå rammeområda Pleie og omsorg, Habilitering og delvis Helseavdeling med fellestenester.



Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	17,337	17,719	18,631	17,630
Landet uten Oslo	18,424	19,169	19,759	19,849
Kostragruppe 01	18,925	19,896	20,672	21,234
Vestland	17,456	18,178	19,315	19,498

I 2020 nytta Sveio kommune kr 17 630,- per innbyggjar til pleie og omsorg. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 21234,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til pleie og omsorg blitt om lag 20,9 millionar høgare i 2020. Det gjer eit feil bilete å samanlikna Sveio mot kommunegruppa på dette området. Kommunegruppe 1 har eit særst høgt berekna utgiftsbehov på området. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune ligg 8,3 millionar kroner lågare enn gjennomsnittet til kommunegruppa når det gjeld utgifter til pleie og omsorg, når ein justera for utgiftsbehovet. I 2020 hadde Sveio kommune utgifter til området på kr 456 321,- per innbyggjar over 80 år, medan gjennomsnittet i kommunegruppa låg på kr 426 128,-.


Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 293,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 2 309,- per innbyggjar over 80 år i den same perioden.

Kommunehelse



Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	2 831	3 056	3 411	3 725
Landet uten Oslo	2 867	3 041	3 164	3 396
Kostragruppe 01	2 639	2 862	3 060	3 348
Vestland	3 327	3 524	3 677	3 449

Sveio kommune nytta i 2020 kr 3 725,- per innbyggjar til kommunehelse. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 3 348,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 2,1 millionar lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 894,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 709,- per innbyggjar i den same perioden.


Sosiale tenester

Netto driftsutgifter sosialtenester per innbyggjar justert inflasjon.



Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tjenester (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	2 349	2 336	1 984	1 609
Landet uten Oslo	2 758	2 783	2 791	2 702
Kostragruppe 01	1 736	1 760	1 858	1 882
Vestland	2 362	2 165	2 253	2 933

Sveio kommune nytta i 2020 kr 1 609,- per innbyggjar til sosiale tenester. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1 882,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 1,6 millionar høgare i 2020. Eigen innsparingsanalyse i analyseverktøyet Framsikt viser at Sveio kommune nyttar 0,8 millionar kroner mindre enn andre kommunar til desse tenestene, når ein justera for kommunanes utgiftsbehov. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått ned med kr 740,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 146,- per innbyggjar i den same perioden.


Kultur og idrett

Netto driftsutgifter kultursektoren per innbyggjar justert for inflasjon.



Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	1 852	1 887	2 081	1 980
Landet uten Oslo	2 464	2 504	2 679	2 521
Kostragruppe 01	1 965	1 969	2 035	1 930
Vestland	2 064	2 037	2 299	2 668

I 2020 nytta Sveio kommune kr 1 980,- per innbyggjar til kultursektoren. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1 930. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kultursektoren blitt om lag 0,3 millionar kroner lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har auka med kr 128,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 35,- per innbyggjar i den same perioden.


Kyrkja

Netto driftsutgifter kyrkje per innbyggjar justert for inflasjon.



Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	719	829	722	744
Landet uten Oslo	664	674	657	648
Kostragruppe 01	752	742	717	720
Vestland	762	807	798	728

I 2020 nytta Sveio kommune kr 744,- per innbyggjar til kyrkja, dette inkludera ikkje stønad til andre trussamfunn. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 720,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kyrkja blitt om lag 0,1 millionar lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 25,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 32,- per innbyggjar i den same perioden.


Plan, kulturminner, natur og nærmiljø

Netto driftsutgifter Plan, kulturminner, natur og nærmiljø per innbyggjar justert for inflasjon.



Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	333	481	788	785
Landet uten Oslo	761	818	849	783
Kostragruppe 01	755	791	808	645
Vestland	632	741	941	939

I 2020 nytta Sveio kommune kr 785,- per innbyggjar til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 645,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø blitt om lag 0,8 millionar lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 452,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 110,- per innbyggjar i den same perioden.


Administrasjon, styring og fellesutgifter

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring per innbyggjar justert for inflasjon.



Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2017	2018	2019	2020
Sveio	5 377	4 815	4 709	4 505
Landet uten Oslo	4 634	5 196	5 419	5 016
Kostragruppe 01	5 043	5 196	5 314	5 454
Vestland	4 283	5 918	6 447	5 112

I 2020 nytta Sveio kommune kr 4 505,- per innbyggjar til Administrasjon, styring og fellesutgifter. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 5 454,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Administrasjon, styring og fellesutgifter blitt om lag 5,5 millionar høgare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar gjekk ned med kr 872,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 411,- per innbyggjar i den same perioden.

Analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune nytta meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa på politisk og interkommunale samarbeid, og mindre enn kommunegruppa på administrasjon, eigedomsforvaltning og administrasjonslokal.


Brann og ulykkesvern

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar per innbyggjar justert for inflasjon.



Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



I 2020 nytta Sveio kommune kr 1 090,- per innbyggjar til Brann og ulykkesvern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 888,-. Sveio kommune nytta kr 202,- meir per innbyggjar til området enn kommunane i gruppe 1. Dette utgjer om lag 1,2 millionar kroner, eller nesten 20 % høgare utgifter enn kommunegruppa. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har auka med kr 78,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 32,- per innbyggjar i den same perioden.

Rammeområder



Kultur

Om rammeområdet

Kulturområdet er i liten grad lovregulert. Vi har Kulturlova, som er svært generell, Biblioteklova og kulturskulen er forankra i Opplæringslova. Andre føringar for arbeidet innan kulturfeltet er kommunalt vedtekte temaplanar og kommunedelplanar for m.a. Den kulturelle skulesekken(DKS), Idrett og friluftsliv, kulturminneforvaltning og reiseliv.

Korleis gjer rammeområde kultur Sveio til ein god stad å bu?

Kulturavdelinga jobbar for at innbyggjarane skal ha eit aktivt og meningsfylt liv gjennom å leggja tilhøva til rette for aktivitet og oppleving. Kommunen nyttar ulike fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar. Ved hjelp av dette arbeidet ønskjer vi å stimulere til aktivitet, styrke sjølvkjensle og identitet

Mål og måloppnåing i 2020

Det blir arbeidd kontinuerleg med oppfølging av tiltaka i kulturminneplanen i godt samarbeid med plan- og næringsavdelinga og bygningsvernkonsulenten i Sunnhordland. Planen er under rulling. Kommunen administrerer ei fylkeskommunal tilskotsordning til kulturminne. Arbeidet med skilting av kulturminne held fram og blir sett i samanheng med merking og skilting av turstiar. Kulturskulen starta med dans hausten 2020. Kommunen vidareutvikla kontakt og samarbeid med heimen. Skulen hadde stengt i ein periode grunna Covid-19. Toalett/ garderobe er ferdigstilt. Biblioteket har arbeid med oppstart av 4 skulebibliotek. Grunna covid-19 med stort fokus på smittevern og besøksrestriksjonar fekk innbyggjarane tilbod om posar med bøker ved stengt bibliotek og til risikogrupper elles.



Lag og foreningar fekk god støtte, mellom anna med søknad om spelemidlar til bygging av nærmiljøanlegg og idrettsanlegg og gjennom tildeling av ulike kulturmidlar.

Fartein Valen Festivalen i 2020 vart avlyst grunna korona. Arbeidet har vore prega av dette, men ein har lagt viktig grunnlag for alternative tiltak i tillegg til prosjekt som skal presenterast i 2022. Avdelinga var i tillegg representert i Fartein Valen kulturscene, som har som mål å fremje bruken av Fartein Valenheimen. I Den kulturelle skulesekken har vi i samarbeid med skulane fortsatt hatt gode, men reduserte tilbod. I Den kulturelle spaserstokken har tilbodet dette året vore svært begrensa. Sveio Ungdomsråd hatt digitale møter. Avdelinga har hatt arbeidet med oppfølging av saka om badeanlegg og utgreiing om mogleg ny idrettshall/idrettsanlegg. Hausten 2020 vart det m.a. utarbeidinganbod for innhenting av konsulenttenester, der målet er å få kartlagt mogleg samarbeid mellom Sveio kommune og frivillige med omsyn om å få til ein bærekraftig drift av anlegga. TellTur var og 2020 ein stor suksess, der ein nytter turmåla flittig. Flokehyttene som er bygde på initiativ frå administrasjonen, i regi av Haugesund turistforening, vart fullfinansierte og stod ferdige hausten 2020. Kulturavdelinga har hatt prosjektleiing for arbeid med å få på plass Nipaståvo, Sveio kommune si eiga dagsturhytte. Dette er eit arbeid som har pågått heile året og som har vore ressurskrevjande for avdelinga. Prosjektet Kartlegging og verdisettinga av områder for friluftsliv i Sveio vart slutført.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Kulturvern: Samarbeid med m.a. Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune og Sunnhordland Museum.

Reiseliv: "Destinasjon Haugesund og Haugalandet" og "Samarbeidsrådet for Sunnhordland", Friluftsrådet Vest, diverse interkommunale fora.

Idrett og friluftsliv: Friluftsrådet Vest, frivillige organisasjonar, Vestland fylkeskommune

Kulturskule: Haugesund, undervisning strykeinstrument. Kulturskular i Vestland gjennom Norsk kulturskoleråd Vestland. Kulturskulane i Sunnhordland om rammeplan, kurs m.m. Frivillige organisasjonar om dirigenttenester.

Bibliotek: Forpliktande samarbeidsavtale med 7 bibliotek i Sunnhordland. Partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune, seksjon for bibliotekutvikling. Prosjektstøtte frå nasjonalbiblioteket til podcastserie om sunnhordlandsforfattarar.

Fartein Valen arbeidet: Haugesund kommune og Fartein Valen Stiftelsen om FV Festivalen. Familien Valen-Sendstad om m.a. bruk av Valenheimen. Samarbeid om digitale løysingar der Studio Fartein Valen er viktig.

Andre: Valestrand bygdalag om «Liv og Lyst», Valenheimen kulturscene om arrangement, frivilligsentralen og ei rekkje frivillige organisasjonar

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Kultur	7 691 371	8 106 508	8 308 295	-201 788

Rekneskapan viser eit mindreforbruk. Dette skuldast m.a. innsparte lønsmidlar og liten aktivitet med arrangement grunna Covid-19. I tillegg noko innsparte straumutgiftar på Vigdartun.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
---------------------	---------	----------	---------	------



Kultur	7	13	6	7
---------------	---	----	---	---

Årsverk er pr. 31.12.2020 og inneheld faste stillin jar.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2017	2018	2019	2020
Kultur	16	5,2	2,2	3,5

Avdelinga seier seg godt nøgd med at sjukefråveret er så lavt.

Hovudutfordringar 2021

I kulturskulen vil det bli spanande å se korleis vårt nye dansetilbod vil utvikle seg i nye lokalar. I periodar må/vil vi utføre aktivitet digitalt. Vi vil fortsetje å utvikle elevmedverknad. Gjennomføre tiltak for å nå måla i Frivilligplanen og innarbeide Friskus som eit verktøy for samarbeid mellom frivillige organisasjonar og kommunen. I biblioteket utgjør Covid-19 og liten personalressurs grunna omdisponering av personell ei utfordring. Korte opningstider og mange uløyste oppgåver. Arbeid med digital lesekampanje for barn og slutføre Bibliofil i skulane. Vedlikehalde nynorsk turbibliotek på dagsturhytta. Skulebibliotekaren arbeider med lesestimuleringstiltak, samlingspleie og kompetanseheving.

Dagsturhytte skal ferdigstillast i løpet av 2021 og opnast for publikum. Arbeidet med TellTur blir vidareført. Fartein Valen-arbeidet i Sveio kommune arbeider fram mot minneåret 2022 og går gjennom ei reorganisering saman med Fartein Valen-stiftelsen. Involvering av Valenheimen kulturscene. Oppstart 2021 med arbeid for å utarbeide ny temaplan for idrett og fysisk aktivitet. Følgje opp ulike interkommunale samarbeid om bygging av idrettsanlegg og bygging av nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanlegg, søknadar om spelemidlar.

Kartlegging av mogleg samarbeid mellom frivillig og Sveio kommune om tilsyn, drift og vedlikehald, skal vere ferdig våren 2021. Målsetting om endeleg vedtak om bygging av badeanlegg våren 2021 og idrettshall/idrettsanlegg hausten 2021. Ferdigstilling av uteområdet på Sveio skule til skulestart hausten 2021.



Politisk

Om rammeområdet

Klargjere saker og gjennomføre møter for kommunestyre, formannskap og dei tre hovudutvala oppvekst/kultur, teknisk/næring og helse/omsorg. Andre møter som er gjennomført i løpet av året er eldreråd, råd for funksjonshemma, viltnemnd, valnemnd, ungdomsråd, partsamansett utval og takst- og ankenemnd eigedomsskatt.

Desse møtene er haldne i 2020:

Utval	Medlemmer	Møter	Saker
KOMMUNESTYRE	25	6	140
FORMANNSKAP	7	17	161*
FORMANNSKAP – B	–	2	2
KONTROLLUTVAL	5	5	35
HHO - HELSE/OMSORG	7	6	40
HOK – OPPVEKST/KULTUR	7	7	53
HOK – OPPVEKST/KULTUR – B	–	0	0
HTN – TEKNISK/NÆRING	7	6	53
ELR - ELDRERÅD	5	6	37
RNF – RÅD FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	5	2	13**
TAKSTNEMND	3	1	2
ANKENEMND	3	0	0

* Dette talet stemmer ikkje overeins med siste saksnr. for FOR, som er 178/20. Dette skuldast nokon tekniske feil med saksnummereringa i løpet av 2020.

** Ein fann ikkje tilstrekkeleg mengd medlemmer til RNF før seint på året, derfor så få møte.

Økonomi:

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Rådmannen m.m.				
9 Politisk: 10000 Politiske organ	4 426 086	4 441 875	4 406 956	34 919
10001 Val	330 217	12 356	45 000	- 32 644
10010 Revisjon og kontrollutval	658 406	547 070	700 000	- 152 930



Sumans.gruppe:9	5 414 709	5 001 300	5 151 956	-	150 656
Politisk					


Utgifter:

Det er utbetalt 24 Verdibrev i 2020 – kr. 688.800,- medan det var budsjettert med kr. 850.659,-, noko som gav eit mindreforbruk på kr. 161.859,-.

Oppvekst - skule

Om rammeområdet

Skuleområdet gir tenester etter opplæringslova med forskrifter. Opplæringstilbodet som vaksenopplæringa i Førde gir, er forankra i introduksjonslova. I rammeområdet inngår fire barneskular, ein kombinert skule, skulefritidsordning ved fire av skulane og avdeling for vaksenopplæring (VO).



Velkomstklasse for minoritetsspråklege elevar og VO er organisert som ein del av Førde skule. Avdeling for elevar med særskilte behov er lagt til Sveio skule.

Elevtala i Sveio kommune tidlegare skuleår, inneverande skuleår og venta elevtal for neste skuleår går fram av søylediagrammet.

Vaksenopplæringa ved Førde skule har 25 deltakarar skuleåret 2020/21.

Det interkommunale tiltaket «Forum for oppvekst i Sunnhordland» (FOS) er administrert frå Sveio og er organisert under dette rammeområdet.

Korleis gjer rammeområde Oppvekst - skule Sveio til ein god stad å bu?

Skulane i Sveio skal sikra tryggleik og trivsel i skulekvardagen som fundament for læring og utvikling hjå barn og unge. Godt læringsutbyte vil vera avgjerande for korleis elevane seinare skal meistra utdanning og arbeidsliv.

Mål og måloppnåing i 2020

Kvalitetsutvikling

Det er et mål at skulane i Sveio skal ha høg kvalitet. Skulen bygger på prinsippet om likeverdige og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande skule. Det er et mål at alle elevar skal oppnå grunnleggjande ferdigheter og oppleve mestring og utfordring i skulen.

Sveio kommunestyre vedtok i juni 2016 «Kvalitetsutviklingsplan for barnehage og skule 2016-2020». Planen omhandlar satsingsområder for skulane til og med 2020. Med satsing på områda i planen sikrar skulane systematisk arbeid med tiltak for

kvalitetsutvikling i samsvar med nasjonale og lokale føringar. Satsingane har vært språk, lesing og skrivning som grunnleggjande dugleikar, inkluderande barnehage og skulemiljø, Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) og arbeid med nye lokale læreplanar ut frå kunnskapsløftet. Dei lokale tiltaka vart forankra i kartlegging og datagrunnlag for den einsskule

og vist til i egne halvårlege utviklingsplanar. Satsingsområda er vidareført i ny vedtatt Kvalitetsutviklingsplan for 2021-2026 for barnehage og skule.

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigarar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa og måloppnåing. Tilstandsrapporten skal omtala læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, og skuleeigaren kan omtala resultat og nytta andre data som er betydning for læringsutbytte til elevane. For nøyare vurdering av dei ulike satsingane, mål og måloppnåing visast til rapporten som skal politisk handsamast i mai/juni.

Læringsutbytte

Kvalitetsutviklingsplan for den einskilde skule er linka opp mot den kommunale planen og viser dei tilsette, elevane og heimane kva skulane legg vekt på når det gjeld skuleutvikling. Det blir arbeida godt med dei grunnleggjande dugleikane på skulane og til dømes ved Førde skule viser resultatata på nasjonale prøver på 5.trinn ei positiv utvikling. Resultat frå nasjonale prøvar blir elles presentert i tilstandsrapporten.

Inkluderande skulemiljø

Eit mål er at skulen skal utvikle inkluderande fellesskap. Et raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane oppmuntras og stimuleras til fagleg og sosial utvikling. Elevundersøkinga gir elevane moglegheit til å seia si meining om læring og trivsel i skulen. For skulane i Sveio gjelder at undersøkinga er obligatorisk for 7. og 10. trinn, og at skulane nyttar undersøkinga for alle elevar på 5.-10. trinn. Her skal elevane m.a. svare på om dei blir mobba av medelevar, digitalt mobba av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skolen. Tiltak for inkluderande skulemiljø har hatt fokus heile skuleåret. Me har gjennomgåande fine tal for Sveioskulane og elevundersøkinga visar att dei fleste elevane trivst på skulen, at elevmiljøet er godt og dei tilsette tydelige vaksne. Skulane får gjennom undersøkinga god oversikt på kor og kva type mobbing som er å finna, og sjølv når resultatata er gode samanlikna med landet, skal dei følgjast opp ved skulen. Elevundersøkinga blir elles grundig presentert i tilstandsrapporten.

Alle skulane arbeider aktivt for eit inkluderande skulemiljø. Medan Sveio skule har avslutta sitt samarbeid med Norsk Lærarakademi (NLA) i den desentraliserte ordninga om skulebasert kompetanseheving er det nå Vikse skule som hausten 2020 setter i gang utviklingsarbeid med satsingsområde om god tilrettelegging og tidleg innsats. Det er et mål at de andre skulane skal inngå etterkvart i liknande opplegg, men det vil bli satsa på å dela erfaringar i lærande nettverk mellom skulane.

Skulane våre arbeider fortsatt målretta saman med PPT for å inkludera elevar som har trong for spesialundervisning i den ordinære opplæringa. Dette gode utviklingsarbeidet gjør at ein står stødigare når PPT som i haust ikkje hadde kapasitet til systematisk rettleiing, i stor grad klarer å arbeide med tidleg innsats og tilrettelegging. PPT kom meir på banen på slutten av året. Med god innsats og ressursar til spesialundervisning som før skal me arbeide i tråd med nyare forskning der det går fram at den tradisjonelle spesialundervisninga har mindre effekt og at alle elevar har mest nytte både med omsyn til fagleg og sosial utvikling, av å vera ein del av fellesskapet. God kompetanse tett på elevane er avgjørande. Sveio kommune arbeider etter handlingrettleiaren i BTI. Samarbeidsmodellen har som mål å sikre overgangar og heilskap i innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. BTI inkluderer alle tenester som arbeider med barn og unge, og blir her lokalt koordinert frå skule- og barnehagekontoret.

Samarbeid mellom Førde skule og Sveio kulturskule resulterte i førestillinga «Toneleik i friske fargar». Førestillinga blei gjennomført i november for føresette. Prosjektet er finansiert med statlege midlar til arbeid med å fremja inkludering og likeverd.

Innføring av nye læreplanar -Digitale læremidlar og kompetanseutvikling

I samband med fagfornyinga er Sveio, i samarbeid med andre kommunar på Haugalandet, i gong med å inngå avtale om kjøp av digitale læringsressursar. I tillegg blei det i 2020 handla inn utstyr til programmering for alle skulane. Alle elevar har no eigen Chromebooks, som kan brukast i samband med skularbeid både heime og på skulen. I 2021 er planen å kjøpe inn ein reservepark med Chromebooks og skifte dei eldste ut. Personalet vil i tillegg bli kursa innan mellom anna programmering, tekniske dugleikar og GSFE.

Vaksenopplæringa (VO)

I 2020 har 7 deltakarar har teke skriftleg norskprøve, 8 har teke munnleg norskprøve, 26 deltakarar har teke samfunnskunnskapsprøven og 7 har teke statsborgarprøven. Mange som gjennomfører vaksenopplæring i Førde etter introduksjonslova, søker om grunnskuleopplæring ved VO i Haugesund som etter avtale tilbyr våre innbyggjarar denne tenesta. I eit integreringsperspektiv er det svært positivt at så mange ønskjer meir utdanning.

Frå VO i Haugesund har me ved fleire høve fått tilbakemelding om at elevane frå Sveio gjennom opplæringa i Førde, har fått eit svært godt grunnlag i norsk for vidare opplæring. Det er venta mellom 10-15 elevar ved VO i Haugesund i 2021.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private


Skulane i Sveio har eit tett samarbeid med dei andre kommunane i Sunnhordland gjennom FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland). Andre samarbeidspartar er Haugaland skule og arbeidsliv, Statsforvaltaren og Utdanningsdirektoratet. I innføring av samarbeidsmodellen BTI (Betre tverrfagleg innsats) samarbeider kommunen med alle kommunane i Sunnhordland (FOS), fleire kommunar på Haugalandet, Korus Stavanger, Korus Bergen og spesialisthelsetenesta.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Oppvekst -skule	91 973 715	96 354 873	95 351 146	1 003 727

Samla har skuleområdet eit overforbruk på i overkant av 1 mill. kr i 2020. Korrigert for koronautgifter er overforbruket på rundt 86 000 kr.

Ramma til oppvekst-skule blei redusert med 700 000 samanlikna med opphaveleg ramme i starten av 2020. For å kompensere for dette har området brukt omlag same sum i frå disposisjonsfond. Midlane har gått til å dekke opp overforbruk og til innkjøp av mellom anna lærematriell. Utgiftene til skuleplass i andre kommunar som følgje av barnevernstiltak, grunnskuleopplæring for vaksne og val av privatskule (gjeld få) blir stadig høgare og er ikkje venta å bli mindre i 2021. I tillegg har skulane den siste tida fått fleire elevar med store, særskilte behov. Skysstutgiftene er og høge Sveio kommune. Auke i utgifter på alle desse områda, må dekkast ved å redusera ressursane til den ordinære opplæringa. Rammaområde vil ikkje tåle fleire kutt i ramma.



Fleire av skulane har god kontroll på budsjetta, men tilgjengelege ressursar for kvar eining er knappe så det er krevjande når det oppstår nye, ukjende utfordringar gjennom året knytt til spesialundervisning eller anna som må løysast med pengar.

På grunn av låge utgifter til SFO og skulelokalar er samla driftsutgifter¹ per elev i grunnskulesektoren i Sveio kommune lågare enn både snittet for landet, Hordaland og KOSTRA-gruppe 11. Sveio har høge utgifter til skys og bruker noko meir ressursar på funksjonen

Figur 1: Utgifter til grunnskulesektoren per barn i alderen 6 – 15 år i 2019.

og landet. Utgiftene til grunnskule utgjør omlag 80% av dei samla utgiftene til sektoren, og består for det meste av lønsutgifter. Kommunar med låg sentralitet² har generelt høgare lønsutgift per elev enn bykommunar med store og effektive skular. Det gir utfordringar knytt til det økonomiske handlingsrommet til å dekke utgiftene til mellom anna undervisningsmateriell. I løpet av 2020 har det kome veldig godt med at området har mottatt tilskot til nye læremidlar, tilskot til utstyr for programmering i skulen, tilskot til digitale læremidlar og til arbeid med tilrettelegging for digital undervisning i samband med covid-19.

grunnskule enn snittet for Hordaland

Når utgiftene til grunnskulesektoren i Sveio blir korrigert for utgiftsbehovet, viser ei ressursbruksanalyse gjort av Telemarksforsking at sektoren låg 3,7 millionar kroner under «normert nivå» i 2019, det til tross for dei høge skysutgiftene.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Skuleområdet samla	123,02	153	125	28

Sjuefråvær

Sjuefråvær %	2017	2018	2019	2020	2020 u/korona
Auklandshamn	5,8	4,4	17,2	12,3	12,2
Førde	4,3	3,0	2,2	1,6	1,5
Sveio	8,3	5,5	6,9	7,5	7
Valestrand skule	5	9,3	3,4	9,7	9,5
Vikse skule	8,6	8,3	8,0	6,9	6,5

¹ Driftsutgifter for ansvara grunnskule, SFO, skuleskys og skulelokal

² Sveio er i gruppe 4 av 6, og dermed rekna som ein mellom-sentral kommune 2

Fire av skulane har eit sjukefråvær som ligg over den kommunale målsettinga for 2020 på 6,5 %. 2020 har vore eit annleis år på grunn av koronasituasjonen, men det koronarelaterte fråværet har ikkje vore så høgt. Sjukefråværet kan om det blir vurdert over fleire år, variera mykje i ei eining. Ofte har det då samanheng med alvorleg sjukdom som gir sterke utslag for ein periode i forholdsvis små einingar.

Hovudutfordringar 2021

Å sikra ei forsvarleg drift innan tildelt økonomisk ramme, - god utnytting av ressursane til beste for opplæringa i klasserommet, har hovudfokus.

- Arbeida med kvalitetsutvikling samstundes som dei økonomiske rammene er svært strame og skulekvardagen prega av smittevernstiltak i samband med covid-19.
- Fortsatt satsing på å innføre og arbeide etter ny læreplan, LK20 med modulkart og modulplanar, og nye lovpålagte oppgåver vil krevja økonomiske ressursar til kompetanseutvikling, digitale læremiddel og programvare.
- Sikre god kvalitet på den ordinære undervisinga sånn at alle elevane får ei tilpassa opplæring, og elevar med vedtak om spesialundervisning blir godt inkludert.
- Å sikre god kvalitet i skuleutvikling sjølv med digitale møte og smitteverns tiltak. Dette vil krevje til ein kvar tid gode ikt ressursar og kompetanse.
- Målet om at elevane har eit godt psykososialt skulemiljø og har det trygt og godt på skulen til ei kvar tid krev tiltak som fungerer i samband med §9A i opplæringslova. Det er ønskeleg å vurdera om skulen har nok ressursar til sosiallærer og trong for dette og ved småskuletrinnet.
- Oppfølging av «Rapport om framtidig skulestruktur i Sveio kommune, bidrag til skulebruksplan» (Telemarksforskning 2020) når det gjelder utbetring av den einskilde skule og trong for spesialiserte læringsareal.
- Mangel på god nok rettleiing frå PP-Tenesta hausten 2020 var ein utfordring. Med betre tilgang våren 2021 vil kome til syne om det vil være ekstra behov for ressursar til tilrettelegging framover.
- Arbeid med smittevern og sjukefråvær skal sikre ein trygg og føreseieleg kvardag for elevane, og å redusere meirbelastning på dei tilsette ved den einskilde skule.
- Godt nok reinhald innan rammene er ei utfordring med covid-19.
- Vidare arbeid med BTI må gjennomførast innanfor eksisterande rammer

Oppvekst – barnehage

Om rammeområdet

Sveio kommune har tre kommunale og fem private barnehagar. Kommunen er såleis både barnehageeigar og barnehagemynde. Barnehagelova stiller krav til barnehageeigar for å sikra at alle barn får minimum det same tilbodet. Barnehagelova §1 føremål og §2 innhald, peikar retning for kva innhaldet i barnehagen skal vere. Som eigar har Sveio kommune ansvar for tilbodet i den einskilde kommunale barnehage, at dei vert drivne i samsvar med gjeldande lover og forskrifter og at ein tilset tilstrekkeleg og kompetent personale.

Som barnehagemynde skal kommunen sjå til at alle barnehagane vert drivne i samsvar med regelverket. Såleis har kommunen ei rekkje plikter etter lov om barnehagar:

Vedtak om godkjenning av barnehagar. Plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder busett i kommunen. Samordna opptaksprosess. Handsama søknader om dispensasjon. Kommunalt tilskot til private barnehagar. Plikt til å likebehandle private og kommunale barnehagar. Redusert foreldrebetaling. Spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, teiknspråkopplæring, ASK og skyss. Sjå til regelverksetterleving via rettleiing, risikovurdering og tilsyn.

I overkant av 92 prosent av barn i alderen 1 - 5 år går i barnehage i Sveio kommune. Dette er på nivå med landsgjennomsnittet. Fordelinga av barn i dei ulike barnehagane er slik:

Tal barn i Sveio-barnehagane - årsmelding 2020		Små barn	Store barn	Sum	Minoritetsspråklege barn
Sveio krins (162 barn)	Sveio barnehage	11	31	42	16,7%
	Gjermundshaugen FUS barnehage	28	41	69	13%
	Bråtveit natur- og kulturbarnehage	8	15	23	4,3%
	Bua barnehage	9	19	28	3,6%
Vikse krins (102 barn)	Espira Solkroken barnehage	24	39	63	11,1%
	Læringsverkstedet Ekrene natur- og gårdsbarnehage	17	22	39	5,1%
Førde krins (51 barn)	Førde barnehage	16	35	51	35,3%
Valestrand krins (17 barn)	Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage	4	13	17	11,8%
Totalt		117	215	332	15%

Alle med rett til barnehageplass i 2020, fekk tilbod om plass ved hovudopptaket. 61% av søkjarane hadde ynskje om barnehageplass i Sveio krins. Tendensen var lik i 2019. 21% av søkjarane søkte til Vikse krins, 14% til Førde og 4% til Valestrand. Det inneber at det er størst trong for barnehageplassar i Sveio krins. Det er flest ledige barnehageplassar i Vikse krins.

Samanlikna med årsmelding 2019 var det samla sett sju færre barn i barnehagane i 2020. Sveio krins har stabilt barnetal, medan Vikse krins har ein liten nedgang. 10 av barna i Vikse krins er busett i Haugesund kommune. Det inneber at Vikse krins har 92 barn som er folkeregistrert i Sveio kommune. Førde har eit stabilt barnetal, mens Valestrand krins har auka barnegruppa si med fire barn. Dei siste åra har det vore få barn busett i Sveio kommune med barnehageplass i andre kommunar.

Korleis gjer rammeområde barnehage Sveio til ein god stad å bu?

Barna skal oppleve trygge og inkluderande miljø. For barnehagebarn i kommunen betyr dette at barnehagen er ein trygg stad der det er godt å vera i eit fellesskap og der kvart enkelt barn har ei oppleving av å høyre til. Barn og føresette skal oppleve at barnehagane legg til rette for utvikling, læring og vekst for alle med utgangspunkt i ressursane og behovet til barnet.

Mål og måloppnåing i 2020

Kvalitetsutvikling

Kvalitetsutvikling er høgt prioritert, både med fokus på å utvikle barnehagen som ein lærande organisasjon, samt ei profesjonell vaksenrolle. Både private- og kommunale barnehagar har felles satsingsområde jf. vedteken kvalitetsutviklingsplan. Dette er systematisk arbeid med språk, inkluderande barnehagemiljø og å skapa gode overgangar. Alle barnehagane arbeidar no etter ein felles handlingsrettleiar knytt til barn ein er uroa for, Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). Dette skal sikre lik og god praksis samt eit godt tverrfagleg samarbeid. Arbeid knytt til utarbeiding av rutinar og felles planar for minoritetsspråklege barn vart starta, men ikkje fullført i 2020. Dette arbeidet held fram i 2021.

Foreldreundersøkinga for barnehageåret 2020.

Dei fire største barnehagane i Sveio var med i den nasjonale foreldreundersøkinga og fekk gode tilbakemeldingar frå foreldra. Kommuneresultatet når det gjeld om føresette er tilfreds med barnehagetilbodet, ligg høgare (4,6) enn resultatet for landet og fylket (4,5) . Føresette opplev at barn trivst (4,8), som er på linje med resultat i både fylke og landet forøvrig. Sveio- og Førde barnehage har låg tilfredsheit når det gjeld inne- og utemiljø.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barnehagar og skular i Sveio har eit tett samarbeid med dei andre kommunane i Sunnhordland gjennom "Forum for oppvekst i Sunnhordland" (FOS). Samarbeidet mellom kommunen og dei private barnehagane er godt, og dei private barnehagane deltar på lik linje med dei kommunale for å sikra utvikling og vekst i barnehageområdet i Sveio.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Oppvekst – barnehage	23 803 145	24 422 077	24 260 000	162 077

Oppvekst-barnehage har i 2020 eit meirforbruk på rundt 162 000 kr. Korrigert for utgifter knytt til korona-situasjonen har området eit mindreforbruk på rundt 390 000 kr. For å dekke opp reduksjon i opphavleg ramme på kr. 350 000 i starten av året, blei det brukt omtrent same beløp i frå disposisjonsfond. Utan denne styrkinga ville området hatt eit større meirforbruk.

Ved endringar i barnetal i løpet av året blir ramma til barnehagane justert, slik at dei til ein kvar tid har ressursar til å følgje lovpålagt pedagog- og bemanningsnorm. Rammekuttet i 2020 har redusert det økonomiske handlingsrommet, og det vil derfor vere meir sannsynleg at området ikkje vil klarar å halde ramma ved eventuelle behov for å styrke bemanninga i barnehagane i 2021. I tillegg er utgifter knytt til barnehageplass i andre kommunar lite føreseieleg, og vil kunne føre til meirforbruk. Tilskot til private barnehagar blir ikkje ført på oppvekst-barnehage.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Oppvekst - barnehage	40,82	56	50	6
Ressursteam	8,30	9	8	1
Førde barnehage	14,68	18	17	1
Sveio barnehage	11,70	17	14	3
Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage	4,74	9	8	1
Barnehage adm.	1,4	3	3	0

Det er ei sterk overvekt av kvinner som arbeider i barnehagane. Fleire menn vil kunne føre til ein jamnare kjønnsbalanse samt gi ulike rollemodellar for barna som går i barnehagane.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2017	2018	2019	2020
Ressursteam	13	5,5	13,7	11,1
Førde barnehage	16,4	17,1	16,4	18,1
Sveio barnehage	4,2	6,2	13,1	24,0
Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage	7,9	3,0	3,0	10,5

Barnehagane i Sveio har eit høgt sjukefråvær. Det koronarelaterte fråværet er lågt. Målsettinga til Sveio kommune som er eit fråvær lågare enn 6,5 prosent. Sjukefråvær gir utfordringar med omsyn til stabiliteten i tilbodet for barna. Ved ein av barnehagane har det vore ei omfattande arbeidsmiljøundersøking, og det er sett inn tiltak med utgangspunkt i denne. I nokre einingar svingar fråværstala frå år til år, og då er det ofte meir alvorlege sjukdomsperiodar hjå tilsette som slår ut.

Hovudutfordringar 2021

- Sikra god kvalitetsutvikling i barnehagane slik at innbyggjarane opplever tenester med høg kvalitet

- Arbeidet med å laga ein IKT – plan for barnehagane er i gong og skal ferdigstillast i 2021
- Rutinar/planar for å sikra god oppfølging og språkstimulering av minoritetsspråklege barn skal ferdigstillast i 2021
- Tiltak for å redusera sjukefråværet i einingane held fram i 2021
- Endring i barnehagelova krev at kommunen som både eigar og barnehagemynde må halda fram med arbeidet der ein har stort fokus på regleverksoppfølging og utarbeiding av rutinar og kvalitetssikring
- Sveio barnehage har eit prekäert behov for nytt bygg. Det må arbeidast vidare med å finne løysingar for ein ny barnehage
- Førde barnehage treng noko oppussing av eksisterande bygg, innkjøp av nytt inventar og utbetring av nett i barnehagen. Dette er ein føresetnad for å kunne utvikle arbeidet innan IKT

Helse og rehabilitering med fellestenester

Om rammeområdet

Helse- og rehabilitering består av eit mangfald av tenester: helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, fastlegeteneste, kommunale legetenester, legevakt, psykisk helseteneste, tenester til rusmisbrukarar, butiltak for vanskelegstilte, fysio- og ergoterapiteneste, hjelpemiddel og frisklivstiltak. Tenestekontor (bestillarfunksjon for pleie- og omsorgstenester i kommunen) høyrer og til i rammeområdet. Kostnader knytt til interkommunalt arbeid som t.d. Krisesenter, felleskostnader som pasientskadeerstatning, forsikringsoppgjer for pasientar i utlandet m.m., FOU-samarbeid, valdtekstmottak og fordelte sekretærutgifter for Samarbeidsutvalget Helse Fonna – kommunar er og del av rammeområdet.

Korleis gjer rammeområdet Helse med fellestenester, Sveio til ein god stad å bu?

Rammeområdet skal gi viktige bidrag til innbyggjarane i Sveio si helse innafor alle aldersgrupper, frå førebygging og helsefremjande arbeid til rehabilitering og habilitering. Gjennom fokus på service, fagleg kompetanse og kvalitet skal alle tilsette i eininga bidra til at Sveio kommune er ein god stad å bu.

Området bidrar elles, både internt i kommunen og eksternt i diverse samarbeidsfora, til planleggings- og utviklingsarbeid.

Mål og måloppnåelse i 2020

2020 har sjølv sagt vore eit annleis år grunna Korona-pandemien. Ein har likevel forsøkt å ha fokus på å yta gode tenester til innbyggjarane tilpassa dei til einkvar tid gjeldande smittevernreglane. Rekneskap for 2020 syner at resultatområdet Helse m/fellestenester hadde eit meirforbruk på vel 1,3 mill. Årsaka til meirforbruket skuldast i hovudsak 2 tilhøve, Korona-pandemien som har medført meirkostnadar kring kr. 760.000,- og auka kostnadar med kring kr. 520.000,- til det interkommunale legevaktsamarbeidet.

I 2020 starta eit 5 årsløp med implementering av TIBIR-modellen i kommunen (tidleg intervensjon barn/unge i risiko). 1. trinn i implementeringa har vore oppstart utdanning av 3 PMTO-terapeutar (foreldrerettleiing). Ein har i løpet av 2020 ikkje klart å rekruttera psykologressursar gjennom samarbeidsavtalen med Tysvær.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Samarbeidspartane lista opp i det følgjande gjeld for samtlige rammeområde innfor Helse og omsorg; Krisesenter Vest IKS, Interkommunalt valdtekstmottak – i samarbeid med Helse Fonna, Legevaktsamarbeid med Tysvær, Bokn, Karmøy, Haugesund og Utsira, Syns- og audiopedagogisk samarbeid – Hordaland fylkeskommune og andre sunnhordlandskommunar, Rehabiliteringsteneste – Rogaland og Hordaland via helseføretak, samarbeid om forskning og utvikling (FOU) med HSH, Helse Fonna og øvrige kommunar innfor helseregionen, avtale om pasientlogistikk/hospitering – somatikk og psykiatri – Helse Fonna, samarbeid med HSH utdannings- /praksisløp for sjukepleiestudentar, samarbeid med v.g.s. og fagopplæringskontor samt AOF og div høgskular/universitet om lærlingeordning og andre utdanningsløp.

Kommunen kjøper desse tenester/tiltak:

- Helsestasjon for ungdom i Haugesund
- Fysioterapi / timar i varmebasseng – Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik 2020
Helseavd. med fellestenester	27 547 455	28 038 908	26 711 895	-1 327 014

Overforbruk er i hovudsak knytt til koronasituasjonen.

Organisasjonen

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Helseavd. med fellestenester	35,43*	40	33	7

*inkl. Tenestekontor og kommunalsjef

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2017	2018	2019	2020
Helseavd. med fellestenester	3,6	3,6	5,0	3,2

Tenesta har eit lågt sjukefråvær.

Hovudutfordringar 2021

Det er ingen tvil om at ein rekkje av utfordringane som ein vil møte i 2021 er knytt til den pågåande Koronapandemien, kor rammeområdet vil fortsetja å bli utfordra på den fleksibiliteten og elastisiteten som finnes. Rammeområdet vil ha ei avgjerande rolle i å bidra til at kommunen ivaretek sitt store

ansvar med å få vaksinert innbyggjarane. Vidare implementering av TIBIR-modellen og BTI vil og stå i fokus, samt å auka innsatsen med å tilføra psykologressursar til kommunen. Det vil vere ei utfordring for rammeområdet å sikra ei best mogleg drift av 2 separat lokaliserte legekontor som er framtidsretta, innanfor dei eksisterande rammetilhøva.

Pleie og omsorg

Om rammeområdet

Rammeområdet består av 2 einingar. Sveio Omsorgssenter med 42 sengeplassar fordelt på 3 avdelingar. Kjøkkendrift for institusjon og levering av middag til heimebuande, vaskeri- og reinhaldsavdeling. Heimetenesta med ansvar for heimesjukepleie, praktisk bistand, tryggleiksalarmar, Dagsenteret, BPA og omsorgsløn.

Einingane er regulert av Helse- og Omsorgsteneste lova, Lov om pasient og brukarrett, Lov om Helsepersonell, Forvaltningslova m.m.

Korleis gjer Pleie og Omsorg, Sveio til ein god stad å bu?

Ved å tilby tenester med god fagleg kompetanse og kvalitet tilpassa den einskilde brukar sitt behov. Tenesta har fokus på å skapa eit verdig liv for brukargruppa.

Mål og måloppnåelse i 2020

Drifta

i 2020 var sterkt prega av koronatiltak og raske endringar frå dag til dag. Mykje av tiltaka førte til meir tidsbruk i høve til smittevern tiltak. Tilsette trengte mykje informasjon, rettleiing og opplæring i dei nye oppgåvene som kom i mars 2020. Trygging på at dei tilsette ikkje kan anklagast om smitte skulle bli påvist i Pleie og omsorg. Mange nye rutinar måtte implementerast.

Sveio kommune har implementert nye Tryggleiksalarmar med tilknytt brannalarm som varslar direkte til alarm. E-låsar er installert hjå brukarar som har tryggleiksalarm. Medisin dispenserane er godt implementert i drifta. Har ikkje hatt overliggedøgn i 2020, og har klart å i verksette tenester til utskrivingsklare brukarar innan Pleie og omsorg.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Det vart oppretta Kohortavdeling på Sveio Omsorgssenter, som er eit samarbeid med Bokn og Tysvær. Vart brukt mykje ressursar frå eininga i organisering, flytting og klargjering av lokalar og mobilisera tilsette som skulle drifta avdelinga. Sveio kommune deltek i prosjektet Velferdsteknologi som ein av 10 kommunar på Haugalandet. Prosjektet arbeidar med å finne teknologi som kan nyttast i omsorgstenesta. Heimetenesta har inngått samarbeid om BPA tenestar av MIO i slutten av året.

Tjenester	Tenestemottakar:	2018	2019	2020
Heimesjukepleie		172	198	187
Heimehjelp		79	74	83
Tryggleiksalarmar		99	101	103
Korttidsopphald		104	111	123
Langtidsopphald		45	44	38
BPA		1	0	1

Omsorgsløn	4	3	4
Dagtilbod	30	34	30

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2019	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Pleie og				
Omsorg	57 084 256	58 810 786	51 210 203	7 600 583

Meirforbruk er knytt til løn, koronatiltak og etablering av Kohort avdeling. Meir tidkrevjande å utføra oppgåver som følgje av smittevern tiltak og karantene.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
PLO	72,89	113	109	4
Lærlingar	4	4	3	1

Det har vore ei auke til mannlege tilsette som er ei ynskja utvikling.

Sjuefråvær

Sjuefråvær %	2017	2018	2019	2020
	8,59	7	14,3	9,5

Sjuefråværet er betra frå i fjor og 0,5% er korona relatert. Einingane jobbar systematisk med å førebyggje sjuefråvær gjennom overordna tiltak og på individnivå. Faste samarbeidsmøter med verneombod og tillitsvalde for å jobba med HMS og sjuefråvær.

Hovudutfordringar 2021

Skal ein klare å halda seg innafør rammene dei neste åra, må ein vurderer å gå ned på nivået av tenestetilbod som ein i dag tilbyr.

Medarbeidarsamtalar vert ekstra prioritert ved å setje av god tid til å kartleggje konsekvensen etter mykje omstilling i 2020. Hovudfokus i tenesta er å leggje til rette for at brukarane skal kunne bu lengst mogleg heime. Med den dreinga er det meir omfattande hjelpebehov for heimebuande brukarar og fleire vel å ha palliativ pleie i heimen. Helsetenester knytt til brukarar med demens er i sterk vekst, og er vanskeleg å gje gode tenester heime over tid. Dette vil auke presset på plassar for personar med demens på omsorgssenteret. Skal ein klara å betene behova for tenester framover, så må ein inn og vurderer andre tiltak som kan vera med på å ivareta brukarane heime. Dagtilbod, bruk av frivillige og andre organisasjonar er viktige i arbeidet med dette vidare. Den kommunale helse- og omsorgstenesta har fått nye brukargrupper med meir komplekse utfordringar. Innføring av teknologi for å trygga heimesituasjonen, vil krevje mykje ressursar. Utfordringa med å erstatte tilsyn med teknologi er å trygge brukarar og pårørande at tenesta vil bli betre og meir målretta. Hovud utfordringa

for Omsorgssenteret er at pasientane stadig har meir utfordringar som krev tettare oppfølging av personalet, noko som krev høgare bemanningsfaktor enn det som er i dag. Sikra at brukarane får tilgang til aktivitetar og trygge sosiale arenaer vil vere viktig. Prosjektkoordinator er tilsett for å førebyggje einsemd og isolering. Rekruttere tilsette sånn at einingane er robuste i drifta og vera ein attraktiv arbeidsgjevar for å rekruttera rett kompetanse til drifta. Fokusera på arbeid med Stortingsmeldinga Leve hele livet.

NAV med flyktingavdeling

Om rammeområdet

NAV Sveio kommune gjev tenester etter Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen, Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarak og Lov om utlendingar si adgang til riket og deira opphald her. NAV Sveio sitt hovudmål er fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. NAV Sveio har 12 tilsette totalt (i heil og deltidstillingar), 3,7 statleg tilsette og 7,4 kommunalt tilsette.

Korleis gjer NAV Sveio, Sveio til ein god stad å bu?

NAV Sveio jobbar kvar dag for at menneske skal få høve til arbeid/aktivitet, slik at dei ikkje blir gåande passive med stønad. Arbeid og aktivitet er nøkkelen til eit betre liv, for alle som kan klare det. Det er gjennom arbeid ein kjem ut av fattigdom. Vidare er det dokumentert at det å vere i arbeid og aktivitet er helsefremmande for dei aller fleste. Arbeid og aktivitet er og avgjerande for god integrering.

Mål og måloppnåelse i 2020

2020 har vore nok eit viktig år i NAV Sveio sitt lean-arbeid. Særleg viktig med tanke på dei store utfordringane Koronaviruset gav NAV i 2020. Tenesta erfarer at Lean som leiarverktøy fungerer svært godt. Mange forbetringar siste året, har gjeve brukarane betre tenester. Resultatet av satsinga har og blitt lagt merke til utanfor kommunen sine grenser. NAV Sveio var mellom anna føredragshaldar på den store Leankonferansen om «Framtidens ledelse» i Stavanger i september.

Tenesta har og i 2020 prioritert dei unge. Vanskeleg arbeidsmarknad og stor auke i arbeidsløysa prega arbeidet i 2020, som følgje av Koronasituasjonen. NAV Sveio har hatt mange ledige som aldri trudde dei skulle nytte NAV sine tenester. Vidare har det vore utfordrande å sjå korleis arbeidsgjevarar har kome i ein svært pressa situasjon som følgje av viruset. Desse faktorane har vore utfordrande for NAV tilsette. Koronasituasjonen har særleg råka dei unge og dei vanskelegstilte brukargruppene våre. NAV Sveio veit at auka satsing på dei unge generelt og dei vanskelegstilte brukargruppene spesielt, gjev gode resultat. Tett og tidleg oppfølging er sær viktig for desse gruppene, både mot meir skulegang, der det er mogeleg, og mot arbeid. NAV Sveio held derfor fram med gruppeinnkalling/jobbase for å gje best mogeleg jobbåp for ungdom. I 2020 måtte mykje av denne oppfølginga skje digitalt.

NAV Sveio har framleis ein stor del flyktingar som går frå Introprogram og over i ordinær utdanning. Skulegang gjev større sjanse for varig arbeid. Vidare har auka marknadskompetanse i kontoret, gjeve meir presise arbeidsretta tiltak i høve til kor dei ledige jobbane finst. Tenesta vil og frametter trengje fleire kommunale tiltaksplassar for å gje språk- og arbeidstrening og god nok kartlegging til desse brukarane. NAV Sveio har det siste året og nytta gruppeoppfølging for denne gruppa. NAV Sveio har derfor utvida jobbase tilbodet til å gjelde alle brukargrupper i 2020. Auka fokus på

marknadsarbeidet har medført at alle store og mellomstore bedrifter i Sveio kommune, no har jamleg kontakt med NAV Sveio. Godt samarbeid med lokalt næringsliv er ein føresetnad for inkludering av alle brukargruppene våre i arbeidslivet. Tenesta har allereie planar for å styrke marknadsarbeidet ytterlegare i 2021. Koronaviruset har medført ein stor auke i brukarar som treng økonomisk rettleiing og gjeldsretteiing. Tidlegare år har det, stort sett, dreidd seg om brukarar med økonomisk sosialhjelp, som har hatt trong for slik hjelp frå NAV Sveio.

Vi har i 2020 hatt ei stor auke brukarar, utan slik stønad, som har hatt trong for slik hjelp. På bakgrunn av dette søkte NAV Sveio tilskot til styrking av dette arbeidet hjå Statsforvaltaren. NAV Sveio fekk 250.00 kroner til dette føremålet. NAV har hatt stort fokus på barn og unge i vanskelegstilte familiar i koronaens tid.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

NAV Sveio er ein del av Region NAV Sunnhordland. NAV samarbeider med skule/utdanningsssystem, behandlingstjenestestema m.m. NAV Sveio er ein aktiv bidragsytar i kommunen sitt BTI arbeid og i plangruppa når det gjeld barnefattigdomsproblematikk. NAV er med i styret i Sveio Frivillig sentral, i ROP-teamet og den tverrfaglege gruppa for bustadsosialt arbeid i kommunen.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
NAV	16 334 852	13 402 732	15 152 911	-1 750 179

Tenesta har hatt eit underforbruk i 2020, dette må sjåast i samanheng med underforbruk på Introlønn.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
NAV	11,1	12	9	3

Tenesta har ei grei fordeling mellom kvinner og menn i kontoret.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2017	2018	2019	2020
	6,7	8,1	9,8	5,20

Tenesta har et sjukefråvær i 2020 som er det beste på fleire år.

Hovudutfordringar 2021

Arbeidsmarknaden har, for mange, vore svært utfordrande i 2020. Dette gjeld særleg ufaglærte ungdommar og flyktninggruppa. NAV har derfor hatt ei viktig rolle i å prøve å få mange ut i arbeid og aktivitet. Det er vidare, som nemnt ovanfor, utfordrande at Sveio har mange personar som har trong for økonomisk rettleiing, gjeldsretteiing og forvaltning av økonomien sin. NAV Sveio er eitt av svært få kontor som har halde ope i heile koronaperioden. Dette har tidvis vore svært utfordrande, men mange brukarar har sett stor pris på at vi ikkje stengde ned når dei trong oss som mest. Vi har fått sær gode tilbakemeldingar frå Statsforvaltaren fordi NAV Sveio ikkje har hatt stengt kontor.

Koronasituasjonen har ført til enda større forskjellar på fattige og rike. Dette blir ei stor utfordring for NAV frametter.

Barneverntenesta

Om rammeområdet

Barneverntenesta skal arbeide førebyggjande for å hindre vekst av sosiale vanskar og omsorgssvikt, samt hindre utilsikta flyttingar av barn frå heimen. Dette vert gjort ved å gje tilbod om tiltak etter Lov om barneverntenester om det er trong for det, samt ved å samarbeida med andre instansar til det beste for barna.

I løpet av 2020 mottok tenesta 126 meldingar, 36 fleire enn i 2019. På grunn av nye retningslinjer for registrering av meldingar frå 01.01.20., vart og meldingar i allereie opna saker registret som melding. Av 126 meldingar gjeld dette 31 meldingar, så hadde ein registrert som i 2019 hadde talet på meldingar vore 95, altså 5 fleire meldingar i 2020.

Pr 31.12. fekk 26 barn hjelpetiltak medan dei budde heime, 17 barn er plassert i fosterheim (4 frivillig plassert), 2 ungdommar i institusjon og 1 ungdom over 18 år får oppfølging i eigen bustad. I tillegg har tenesta ansvar for tilsyn for alle barn plassert i fosterheim i kommunen. Pr. 31.12. hadde tenesta ansvar for tilsyn i 17 fosterheimar i kommunen.

Korleis gjer rammeområde Barnevern, Sveio til ein god stad å bu?

Barneverntenesta skal levera forsvarlege tenester til brukarane og tilstreba beste praksis. Dette inneber fokus på å overhalde fristar for sakshandsaming, praktisering av godt barnevernfagleg skjønn, ha tiltak som har nytt, arbeida mot å styrka det tverrfaglege samarbeidet både internt i kommunen og eksternt, samt leggja til rette for brukarmedverknad i alle ledd av sakshandsaminga. Barneverntenesta har høg fagleg kompetanse kor alle tilsette har sosialfagleg høgskuleutdanning.

Mål og måloppnåelse i 2020

Rettleiingsprogrammet for fosterheimar er utarbeidd i løpet av 2020, og implementering av programmet vil fortsetta i 2021. Ein har fått tilsett kvalifisert personal i stillinga vart oppretta i 2020. Ein har fått støtte frå Statsforvaltaren til å utvikle fosterheimsarbeidet vidare ved at ein har fått tilskot saman med 8 andre kommunar på Haugalandet for å utvikla eit rettleiingsprogram for foreldre som har mista omsorga for barna sine.

Ein kan no tilby PMTO rettleiingsprogram til dei familiane som har trong for dette.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barneverntenesta samarbeider med BUF- etat (statleg barnevern). BUF- etat leverar tenester til kommunen i form av formidling av fosterheimar, samt formidling av institusjonsplassar til ungdom. Vidare gir BUF- etat tenester til kommunen i form av foreldrerettleiingsprogrammet MST, familieråd og foreldre- barn senter.

Barneverntenesta samarbeidar/kjøper tenester med private aktørar for utføring av oppgåver som tilsyn i fosterheimar, rettleiing i fosterheimar, ulike typar miljøarbeid, fosterforeldre, støttekontaktar, besøksheimar og sakkunnige.

Barneverntenesta samarbeider med alle barnehagane og skulane i kommunen, både i einskildsaker og i felles fagmøter. I 2020 har dette arbeidet hatt ein mindre formell karakter grunna Covid-19.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2017	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Barnevern	11.135.093	13.951.248	11.307.437	2.643.811

Overforbruket er i hovudsak knytt til meirforbruk av institusjonsopphald for ungdom, mange rettshandsamingar i 2020, samt mange barn i fosterheimar.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Barnevern	6	6	6	0

Sjuefråvær

Sjuefråvær %	2017	2018	2019	2020
Barnevern	2,6	3,0	1,8	3,5

Tenesta har eit lågt sjuefråvær.

Hovudutfordringar 2021

Tenesta må førebu seg for å kunne handtera eit større fagleg- og økonomisk ansvar for fosterheimar og einskilde tiltak som ein tidlegare fekk frå BUF etat (jfr. barnevernsreforma). Tilgong til spesialiserte fosterheimar, som BUF etat og etter reforma skal ha ansvar for, vil få innskjerpa kriteriar. Dette vil føre til at kommunen vil få ansvar for fleire resurskrevjande plasseringar. Tilskotsordninga for forsterking av fosterheimar fell vekk samt at kommunen sin eigendel for plass i institusjonar og spesialiserte fosterheimar får ei betydeleg auke. Kommunen vil få tilskot frå staten til å handtera dei auka utgiftene, men kor mykje er framleis uklart. Reforma trer i kraft 01.01.2022.

Fag- og utviklingsarbeid vert viktig for å gjennomføra kompetanseprosessar. Dette for å sikra at barnevernet utviklar seg som ein kunnskapsorganisasjon og slik at kvalitetsforbetringa skjer opp mot kvalitetsmåla for barnevernet: Tiltak som verkar, trygge tenester, brukarmedverknad, samordna tenester, tilgjengelege og likeverdige tenester og god resursutnytting. I løpet av 2021 vil arbeid med



å implementera eit rettleiingsprogram for fosterheimar. Det vil vidare arbeidast med å utvikla eit rettleiingsprogram for foreldre som har mista omsorga for barna sine. Dette er viktig mtp at kommunen vil overta eit større ansvar for fosterheimar frå 2022, samt for å sikre mogleg gjenforening for dei familiar som er blitt løyste opp. Sistnemnte vil bli utarbeida i samarbeid med 8 andre kommunar på Haugalandet med støtte frå Statsforvaltaren.

Habilitering

Om rammeområdet

Rammeområdet Habilitering har ansvar for psykisk utviklingshemma i kommunen. Eininga har bustadar for 13 brukarar med omfattande omsorgs- og tilsynsbehov. Tenesta har einskildvedtak i høve utføring av tvang regulert etter helse- og omsorgstenestelova kap 9. I tillegg har tenesta kommunal avlasting. Privat avlasting, støttekontakt, BPA og arbeidstilbod for denne gruppa ligg og under ansvarsområdet.

Korleis gjer rammeområde Habilitering, Sveio til ein god stad å bu?

Gjennom praktisk bistand og miljøarbeid, har tenesta fokus på å skape eit verdig liv for brukargruppa. Fagteam Habilitering varetek heimebuande funksjonshemma gjennom rettleiing. Føresette/pårørande til barn med kognitiv svikt, får rettleiing og hjelp, for lengre å kunne ivareta sine barn i heimen. Det er viktig for eininga å rekruttera rett kompetanse og kvalifiserte arbeidstakarar for å kunne gi forsvarlege tenester til denne gruppa innbyggjarar i kommunen.

Eining Habilitering veks i omfang, då nye behov med søknad om helse- og omsorg tenester aukar. Innbyggjarar med psykisk utviklingshemming i Sveio kommune treng auka bistand i egen heim. Det er utført kartlegging av kjent bustadbehov innan 10 års periode. Eininga treng ny bustadmasse, og prosess er i gong.

Mål og måloppnåelse i 2020

Året 2020 har vore prega av Covid-19 situasjonen. Eininga har hatt utfordring med tilgong på personal grunna karantenetid. Innsats frå alle tilsette har gjeve svært gode resultat på arbeidsplassen tross denne utfordringa. Totalt sett har sjukefråvær vore lågare i 2020 i eining Habilitering. Prosessen med bygging av nytt aktivitetshus for psykisk utviklingshemma brukarar i kommunen har hatt stor framdrift. Tilskot frå husbanken gjer prosjektet realiserbart. Ferdigstilling av aktivitet hus kan forventast sommaren 2022.

Ein meir attraktiv turnus for dei tilsette, med 14 timars arbeid, er verksatt i Åsvegen bueining. Ved Stemhaugen bueining vil tilsvarande vil tilsvarande turnus ta til i februar 2021. Eining Habilitering vil starte opp med bemanningssenter frå 15.02.2021. Bemanningsskoordinator er tilsett for å administrere denne ordninga. Seks tilsette har fått ynskt stillingsprosent i denne prosessen.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Eining Habilitering er med i eit interkommunalt støttekontaktforum. Eininga sel arbeidstilbod til annan kommune. Sveio kommune kjøper i dag 5 VTA plassar ved UNI-K og 1 plass ved Podlen verkstad.

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneska2020	Budsjett 2020	Avvik
Eining habilitering	33 529 520	35 659 124	31 708 507	3 950 617

Eining Habilitering har hatt eit meirforbruk i 2020. Tenesta har hatt auka bemanning over tid for å ivareta auka behov til einskildbrukarar. Ansvarsområdet 13341, har hatt auka løns kostnader. Sveio kommune kjøper BPA tenester frå MIO. Einskildvedtak er omfattande og gir auka lønskostnad for eininga.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Eining habilitering	57,88	70	65	5

Rekruttering av rett kompetanse for eininga er utfordrande. Eining Habilitering har nå lagt til rette for meir attraktive turnusar på begge avdelingane. Samanhengande arbeid i langvakter med påfølgande fri periodar. Det er fortsatt svært vanskeleg å rekruttere miljøterapeutar med helsefagleg utdanning.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2017	2018	2019	2020
Stemhaugen/Straumøy	5,7	11,7	15,3	8,8
IÅsvegen	14,4	10,5	16,2	9,3

Eininga har hatt lågare sjukefråvær i 2020. Dette er positivt for drifta. Karantenetid i samband med korona har likevel vore utfordrande for å ha nok kvalifisert personale tilgjengeleg.

Hovudutfordringar 2021

Sveio kommune har fått tilskot frå husbanken som dekkjer 55% av byggekostnadane av aktivitetshus. Ein kan anta at byggeprosessen tar til innan sommaren 2021. Forventa byggetid er omlag eit år.

Eining Habilitering startar frå 15.02.2021, med bemanningssenter. Fire årsverk er satt inn i denne delen av drifta. Fleire fast tilsette har fått auka stilling til ynskt stillingsprosent. Vikarbruk skal med denne ordninga reduserast. Det er ikkje forventa auka kostandar med denne ordninga, men lågare driftskostnader og lågare sjukefråvær.

Nye einskildvedtak vil gi utfordringar for den økonomiske situasjonen ved eining Habilitering. Miljøarbeid til heimebuande psykisk utviklingshemma brukarar er eit behov som vil være naudsynt å vurdere i 2021.

Teknisk og næring

Om rammeområdet

Rammeområdet omfattar administrasjon, næringsrettleiing, drift- og anleggs-avdelinga, plan- og næringsavdelinga.



Hovudarbeidsoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkel-gangstiar, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og reinhald. Forvaltning av kommunal renovasjon og slam ligg og til avdelinga.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til plan- og næringsavdelinga er arealplanlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, forureining, dispensasjonar, viltforvaltning, landbruk, veterinærvakt, energi/klima/miljø/vassforvaltning og kommunalt beredskapsarbeid.

Korleis medverkar rammeområdet til at Sveio skal bli ein god kommune å bu i?

Rammeområdet legg til rette for næringsutvikling, auka verdiskaping og sysselsetting i kommunen.

Teknisk område gjennomfører mange ulike prosjekt knytt til vidareutvikling og utbygging av nye bygg og anlegg. Vidare skal vi holde eit korrekt og trygt nivå på vedlikehald av bygg, vegar, ulike anlegg og utstyr.

Gjennom god planlegging skal vi kunne tilby gode og trygge bumiljø. Vi skal også ha fokus på å ta vare på naturressursane og miljøkvalitetane.

Mål og måloppnåelse i 2020

Innan rammeområdet er det utanom normal drift arbeida med mange prosjekter i løpet av året. Nokre døme kan være badeland, ferdigstilling av rehabilitering Sveio skule, bustadar for vanskelegstilte, rehabilitering av Førde kyrkje, opparbeiding av bustadfeltet Sveioåsen 3, opparbeiding av GS i Sveio sentrum og ved Vikse skule, veglys, trafikksikring, reinseanlegg av vatn på Ryvarden, etablering av pumpestasjon og røyrrnett VA, asfaltering, planlegging av brannstasjon og planlegging av arbeids- og aktivitetssenter.

I løpet av året har Sveio kommune fått tildelt nær 8 000 000 kroner til vidare breibandutbygging. Dette i tillegg til eige bidrag.

Gjennom året har ein utført nødvendig vedlikehald på kommunale bygg og anlegg og ulike tiltak for å betre branntrykkleiken på kommunale bygg.

Ein har gjennomført kompetanseheving av tilsetje gjennom erfaringsdeling, ulike kurs, seminar og konferansar.

Innan planområdet har vi arbeid med kommuneplan, kommunedelplan for Sveio sentrum, områdeplan Ekrene vest, områdeplan for Vikingland, detaljregulering G/S-veg Ekrene-Vikse, detaljregulering Badeanlegg Sveio sentrum og detaljregulering Fv. 6 Grimstvedt – Sveio sentrum. Kommuneplanen sin samfunnsdel er politisk akseptert.

Arbeidet med kvalitetsheving av det digitale eigedomskartverket og kvalitetsheving av bygningsopplysningar i matrikkelen er vidareført. Det er tilrettelagt datagrunnlag for oppdatering og kvalitetsheving av det kommunale avgiftsregisteret.

Plan- og næringsavdelinga har hatt ansvar for koordinering av veterinærvakta for Karmsund veterinærvaktområde og oppfølging av stasjonær veterinærvakt for smådyr.

Andre oppgåver som kan nemnast er eigedomsforvaltning, oppfølging av Haugalandspakken og Haugaland brann og redning.

Atheno

I 2019 inngjekk Sveio kommune samarbeidsavtale med Atheno om kjøp av førstelinjetenester innanfor næring og etablering. Atheno søkte hausten 2020 om midlar frå kommunalt næringsfond og fekk tilsegn til eit prosjekt som skal betre bulyst og næringsutvikling. Dette vil styrkja denne satsinga frå 2021.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

- Haugaland Vekst
- Hordaland og Rogaland fylkeskommunar ○ Fylkesmannen i Hordaland ○ Samarbeidsrådet for Sunnhordland ○ Innkjøpssamarbeid på Haugalandet
- Interkommunalt utval for park og idrett. Tysvær, Haugesund og Karmøy ○ Skogfagleg kompetanse (10 %) blir kjøpt av Tysvær kommune ○ Interkommunalt hjorteutval ○ Haugaland landbruksrådgjeving
- Samarbeid med Stord brannvesen om branntilsyn i Bømlafjordtunnelen ○ Felles redningsdykkarteneste saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord ○ Haugesund regionen interkommunale utval mot akutt forureining (IUA Haugesund region) ○ Sal av meklaropplysningar m.m. gjennom Ambita AS
- Beredskapsforum for ytre Haugalandet saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn og Utsira
- Deltaking i VA-gruppa i Haugaland vassområde.
- Planfagleg nettverk Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio).
- Interkommunalt forum for matrikkel/oppmåling.
- Geovekst-samarbeid om etablering og ajourhald av digitale kartdata
- Interkommunalt samarbeid Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord om innføring av (nytt) sakssystem Acos WebSak inkl. eigen byggesaksmodul (Eiendom).

Økonomi

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Administrasjon	700 867	655 445	811 000	-155 555



Næring	735	18 081	42 181	309 000	-266 819
Drift/anlegg		8 093 112	8 419 494	8 027 160	392 335
Plan/næring		3 466 369	3 428 991	1 255 800	2 173 191
Brann/redning		6 004 272	6 328 914	6 393 000	- 64 086
TOTALT		18 282 702	18 875 024	16 795 960	2 079 064

Drift- og anleggsavdelinga hadde totalt eit meirforbruk på 392 000 kroner. Avviket skyldast overforbruk innan ansvar bygg på 732 000 kroner knytt i hovudsak til høgare utgifter til naudsynt vedlikehald av bygg. Overforbruket innan bygg er delvis dekkja inn av eit mindreforbruk på nær 360 000 kroner på ansvar veg.

Plan- næringsavdelinga hadde eit meirforbruk på 2 173 000 kroner. Ansvar byggesak og oppmåling hadde her eit overforbruk på 1 920 000 kroner som skyldast betydeleg mindre inntekter enn budsjettert. Planarbeid fekk eit meirforbruk på 171 000 kroner på grunn av lågare inntekter enn budsjettert. Dei andre ansvarsområda hadde mindre summar i avvik.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Administrasjon	0,5	1	0	1
Drift og anlegg inkludert VAR	18	¹⁸¹⁾	3	15
Plan og næring	9,75	11	4	7
Totalt	28,25	30	7	23

¹⁾ Inkl. tilsette på VAR området.

Rammeområdet har ei overvekt av menn.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2017	2018	2019	2020
Totalt	3,4	2,9	2,6	4,6

Rammeområdet har lågt sjukefråvær. Fråværet gjekk derimot noko opp i 2020. Arbeidspresset på dei tilsette har lenge vore stort. Tabellen inkluderer tilsette innan VARområdet.



VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon

Om rammeområdet


VAR omfattar sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon. Rammeområdet har ansvar for drift, vedlikehald og utbygging av vatn og avløpsnett, samstundes med arbeidet som er knytt til renovasjon og slam.

Korleis medverkar VAR- området til at Sveio skal bli ein god kommune å bu i? VAR området skal sikra godt vatn, nok vatn og hygienisk vatn til abonnentane. Vatn i røyr er og viktig for branntryggleiken. Hygienisk transport og tilstrekkeleg reinsing av avløpsvatn er viktig for samfunnet. Vidare skal området syta for effektiv og miljøvenleg avløpshandtering og tilby innbyggjarar og hyttefolk ei god og miljøvenleg renovasjonsordning.

Mål og måloppnåelse i 2020

Drift av Førde vassverk

- Drift og vedlikehald av vatn og avløpsnett
- Lekkasjesøk og feilretting
- Oppfølging av nye tiltak
- Jobbe vidare med å etablere forsyningstryggleik i samsvar med ny vassforskrift (prosjekt nytt vassbehandlingsanlegg Furevatnet)
- Etablere felles nødvatn samarbeid med Hordalandsregionen og Haugesund.
- Utviding av driftsovervaking vassmålarar med tanke på betre lekkasjesøk på leidningsnettet
- Sveio er ein av få kommunar som ikkje har vassmålarar (berre for næringsbygg og nye bustadar). Dersom utviklinga av vassforbruket fortsette, kan vi om noko tid få problem med forsyning. Det er og uøkonomisk med stort forbruk, då reinsing av vann er dyrt. Ut frå dette bør kommunen gjere ei nærare vurdering kring forbruk og om vassmålarar skal etablerast i Sveio.



Graf: Auke i vassforbruk dei siste åra

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private



- Samarbeid med Haugesund om drikkevatt og avløpshandtering
- Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet
- Renovasjon og slamtømming gjennom SIM
- Felles faglege fora for vatn og avløp

Økonomi

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
Vassverk	-2 887 178	-3 795 119	- 3 569 474	-225 645
Avløpsanlegg	-1 982 631	-1 457 152	-2 000 000	542 848
Slamtømming	-730 948	-263 872	-200 000	-63 872
Renovasjon	-299 227	-357 920	-250 000	-107 920
VAR	-5 899 984	-5 874 064	-6 019 474	145 409

Rekneskapstala synar avvik for avløpsanlegg. Det er positivt avvik for vassverk, slamtømming og renovasjon. Rekneskap avreknast i forhold til sjølvkostrekneskapen.

Organisasjon – tilsette og likestilling

VAR-området har 4,98 årsverk, fordelt på fem tilsette. Av desse er det fire menn og ei kvinne. Talet på tilsette og sjukefråvær er slått saman og vist i oversikt for teknisk rammeområde.

Hovudmål og utfordringar for 2021

- Halda vedteke økonomiske rammer
- Ha ei god oppfølging av investeringsprosjekt
- Kapasitet til å gjennomføre alle vedteke prosjekt etter ønska framdrift
- Planlegga og utføra godt vedlikehald og fornying av eldre leidningsnett og anlegg
- Gjennomføra forprosjekt om å ta Furuvatn i bruk til vassproduksjon igjen
- Skapa motivasjon og engasjement hos dei tilsette for å nå måla
- Oppretthalda (og heva) kompetansenivået på avdelingane
- Arbeide systematisk med kontinuerleg forbetningsarbeid

Sentraladministrasjon

Om rammeområdet

Til rammeområdet høyrer einingane offentleg servicekontor, personalkontoret, økonomikontoret m/løn, og IKT-kontoret. Funksjonane rådmann, innkjøp, eigedomsskatt, LEAN og lærlingar er og organisert under rammeområde sentraladministrasjon.

Rammeområdet har ansvar for å setja i verk politiske vedtak, driva organisasjonen i tråd med overordna føringar og leggja til rette for kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen. Dei ulike

støtteeiningane har spesialiserte ansvar og leverar spisskompetanse innan ulike område. Dei skal vera støttespelarar for einingane i kommunen og for strategisk leiargruppe innan sine fagområde.

Offentleg servicekontor har ansvar for resepsjon, sentralbord, arkiv, handtering av all inn- og utgåande post, samt handsaming av ulike typar søknader. Kontoret har og ansvar for kommunen sin nettstad og andre sosiale media.

Personalkontoret har ei aktiv og sentral rolle i samband med forhandlingar og i personal- og tilsetjingssaker. Vidare har kontoret ansvar for mellom anna strategisk arbeid med sjukemeldte, HMS, innkrevjing av refusjonar og lærlingar.

Økonomi har ansvar for budsjett, regnskap, utbetaling av lønn, innkrevjing av kommunale krav, innkjøp, e-handel, eigedomsskatt og finans. Økonomi utarbeider mellom anna rekneskap, eigarskapsmelding og årsrapport.

IKT har ansvar for utvikling og drift av kommunen sine datasystem på ein kostnadseffektiv og rasjonell måte, med fokus på stabilitet og driftstrygging.

Korleis gjer sentraladministrasjonen Sveio til ein god stad å bu?

Sentraladministrasjonen er naudsynt for effektiv iverksetting og kontroll med politiske vedtak. Tett oppfølging av driftseiningane frå sentraladministrasjon er naudsynt for å kvalitetssikre tenestene og gje spesialisert støtte til utvikling av effektive tenester.

Til dømes er skulane i Sveio avhengige av ei sterk IKT-eining for at elevane skal få god digital opplæring og for at kommunikasjonen mellom- og på skulane skal vere best mogleg.

Servicekontoret er ein møteplass der innbyggjarane får god tilgang til offentlege tenester på ein stad, dei kan halde seg til eit kontaktpunkt. Servicekontoret har fokus på å yte god service til både interne og eksterne brukere.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Dei ulike einingane i rammeområdet samarbeider med andre kommunar og ulike statlege, kommunale og private partnarar.

Offentleg servicekontor samarbeider mellom anna med Interkommunalt arkiv Hordaland, Skatt Vest, Husbanken, NAV, Haugaland og Sunnhordland Politidistrikt, Ulike interkommunale nettverk knytt til gjennomføring av val, skjenkeløyver og parkeringsløyver.

Personalkontoret samarbeider med andre kommunar i eit personalnettverk, i eit lærlingsamarbeid, og i eit kommunalt rekrutteringsprosjekt og omdømmeprosjekt.

IKT samarbeider mellom anna med alle IKT-avdelingane i kommunane på Haugalandet, NAV, Skattedirektoratet, og Den norske Kyrkja.

Økonomi samarbeider mellom anna med Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, revisor (Deloitte), Waco forsikringsmekling, Lindorff, Bergen Capital Management AS, World Kinect Energy Services, Skattedirektoratet, KLP, SPK og Haugesund Sparebank.

Mål og måloppnåing i 2020

I samband med koronapandemien, har det vært gjennomført tilrettelegging for dei tilsette. I 2020 har einingane tilhøyrande rammeområdet sentral levert tenester av god kvalitet til tross for dei utfordringane det har vore med korona.

Frå og med 01.11.20 blei oppgåvene knytt til skatteinnkrevjing overført frå Sveio kommune til skatteetaten.

I 2020 ble lønnskonsulentane overført til Økonomiavdeling, gjeldande frå 01.11.20. Bakgrunn og målsetning med endring er å styrka fagansvar for lønn, samt gi synergieffekt for områda innan økonomi og lønn. 01.06.2020 vart det innført nytt saks- og arkivsystem og Svarut/Svarinn vart tatt i bruk. Fleire større fagsystem har vore oppgradert og det har vore fokus på digitalisering.

Hovudutfordringar 2021

Rammeområdet vil ha fokus på å levera tenester av god kvalitet til dei ulike brukarane. Førrebu Stortingsval 2021 – kan bli spennande og utfordrande med tanke på Covid-19. Det vil krevja mykje resursar frå Servicekontoret. Det skal satsast på å få fleire av arkivdelane i kommunen fullelektroniske og å vidareutvikla nettstaden slik at elektroniske verktøy kan nyttast på ulike tenesteområder. IKT-avdelinga skal arbeide vidare med å effektivisere IKT-drifta og tilby korrekte tenester.

Einingane på rammeområde skal ha fokus på å behalda og vidareutvikla kompetansen hos dei tilsette, og halde seg oppdatert på gjeldande lovar og regler. I 2021 skal ein vidareutvikle og sikre eit fortsatt godt samarbeid på tvers av einingane. Det må sikrass ressursar til å fullføre digitaliseringsprosjekt med elektronisk personalarkiv og personalmeldingar i lønssystemet.

Arbeidet med effektivitet i fakturahandsaminga vil halde fram i 2021. Rammeområde vil ha fokus på vedlikehald og vidareutvikling av internkontroll-systemet i kommunen. I 2021 vil arbeidet med samanslåing av økonomi- og lønsarbeidet fortsette. Det må sikras nok ressursar til å yta tilfredsstillande tenester internt og eksternt. Dette vil vera ekstra krevjande framover då rammeområde fekk ein stor reduksjon i den økonomiska ramma ved handsaming av budsjettet for 2021.

Økonomi:

Netto drift pr. 31.12.2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
-------------------------------	-------------------	-------------------	------------------	-------



Rådmannen m.m.	1 901 335	2 054 562	2 313 000	-258 438
LEAN	276 967	256 852	376 000	-119 148
OSK	4 755 566	4 844 699	4 874 000	-29 301
IKT-avdelinga	4 959 649	5 293 576	5 695 000	-401 424
Økonomikontoret	4 719 470	5 324 889	5 272 000	52 889
Personal	4 180 287	3 627 729	4 235 607	-607 878
Lærlingar	1 255 433	1 349 200	1 349 000	200
Eigedomsskatt	547 654	557 182	691 000	-133 818
TOTALT	22 596 362	23 308 688	24 805 607	-1 496 918

Organisasjonen – tilsette og likestilling

Sentraladministrasjonen sett under eit har overvekt av kvinner.

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Rådmann m.m.	1,2	2	0	2
OSK	4,85	6	5	1
Personal	2,0	2	2	0
IKT	3,5	4	1	3
Økonomi og lønn	5,8	6	5	1
Eigedomsskatt	1,0	2	2	0
Innkjøp	0,4	2	1	1
Lean	0,3	1	0	1
Sum	19,1	25	18	7

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2016	2017	2018	2020
Totalt**	5,1	8,2	4,0	4,0

*Tala for kvar ein skilde eining er ikkje presentert på grunn av for få tilsette.

Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellestråd

Sveio Kyrkjelege Fellestråd er ein eigen organisasjon utafor kommunen, men som er tett på kommunen si drift både ved finansiering, tenesteyting og felles interesse av å leggja til rette for Sveio kommune sine innbyggjarar. Fellestrådet har ansvar for gravferdsområdet for alle innbyggjarar i kommunen i tillegg til at me er eit kyrkjefamfunn som omlag 80% av kommunen sine innbyggjarar er



medlem av. Frå 1.1.21 er det Lov om tros- og livssynssamfunn, kapittel 3 som regulerer Den norske kyrkja. Gravferdslova regulerer gravferdsområdet. Kyrkja lokalt i Sveio består av Fellesrådet samt dei to sokna Sveio Sokn og Valestrand og Førde Sokn. Dei to sokna eig eine seksjonen av Sveio soknehus saman. Den andre seksjonen eig Sveio kommune.

Korleis gjer Fellesrådet Sveio til ein god stad å bu?

Fellesrådet skal leggja til rette for gravlegging og stell av gravplassar. Gravplassane skal vera ein god og verdig stad å koma når ein ønskjer å sjå til gravene til sine nære.

Lokalkyrkja i Sveio gir innbyggjarane høve til å samlast i glede og sorg, til dåp, konfirmasjon og vigsel, men og til gravferd. Gudstenester er ein viktig del av mange sitt liv. Kulturaktivitetar, konsertar mv samlar mange av innbyggjarane. Det same gjer barnekor og ulike trusopplæringsaktivitetar for barn og unge.

Til saman er desse aktivitetane med å byggje ei samfunn som skaper lokal identitet og tilhøyrse til, både som trusfellesskap og kulturelt fellesskap.

Mål og måloppnåelse i 2020

Til tross for store utfordringar med dei begrensingane som pandemien har lagt har ein greidd å halda oppe mange av aktivitetane gjennom året sjølv om det og har vore mange avlysingar. Aktivitetar har vore gjennomført innanfor aktuelle smittevernreglar med avgrensa mengde folk til stades og/eller som digitale møteplassar. Me har blitt utfordra på å tenkja nytt og finna nye måtar å treffa folk på.

Det har i 2020 vore særleg utfordrande å møta sørgande på ein god måte når det har vore sterkt avgrensa kor mange som kan møta i gravferda mv. Me har til tross for dette tru på at me har møtt dei sørgande på ein tilfredstillande måte innanfor dei rammene me har hatt.

Gravplassar har og i 2020 hatt eit minimumsvedlikehald, men **burde** vore tilført meir ressursar.

Førde kyrkje har i 2020 fått gjennomført rehabilitering av taket på tårn og vedlikehald/maling av heile kyrkja. Førde kyrkje står etter rehabiliteringa fram som eit flott kyrkjebygg.

Det er i 2020 montert brannvarslingsanlegg i Sveio kyrkje. Dei to eldste kyrkjebygga er då betre sikra mot brann.

Det er starta opp planlegging av utviding av gravplassen på Eikeland. Det er særst viktig at den prosessen vert vidareført og at opparbeiding av nytt felt startar i 2021.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Sveio kommune er ein viktig samarbeidspart for Fellesrådet både gjennom drift og større rehabiliterings og utbyggingsprosjekt. Det er eit innarbeida samarbeid med dei andre fellesråda i Sunnhordland. Lokalt samarbeider ein og med lokale lag og organisasjonar.

Økonomi:

Fellesrådet gjekk i 2020 med eit overskot på kr 218.181,-

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Sveio Kyrkjelege Fellesråd	5,7	9	6	3

Fellesrådet har i hovudsak berre deltidstilsette. Dette er noko krevjande både ved rekruttering og drift. Hittil har ein likevel lukkast å få søkjarar til ledige stillingar.

Fellesrådet har hatt eit svært lågt sjukefråvær i 2020

Hovudutfordringar 2021

Økonomi, små marginar og mindre inntekter gjennom offer mv..

Endringar i personalet – rekruttering og opplæring av nye tilsette.

Betre informasjon til publikum på digitale plattformer

Stort areal å vedlikehalde på gravplassane i sommarhalvåret

I samarbeid med kommunen arbeida vidare med brannsikring, enøk og rehabilitering av kyrkjebygg Eikeland – utviding av gravplassen.

Vidareføra trusopplæringsplanen i samarbeid mellom tilsette og frivillige medarbeidarar.

Fokus på kyrkjemusikk – samarbeid mellom tilsette og friviljuge.

Fokus på diakoni – kva kan kyrkja saman med samarbeidspartnarar få til her.

Fullføra «Verneplan for gravplassar»

I samarbeid med kommunen føre over heimel for kyrkjelege eigedomar

Økonomi

Drift

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap 2020	Reg. budsjett 2020	Oppr. budsjett 2020	Regnskap 2019
Driftsinntekter	509 066 080	481 676 098	485 677 567	496 252 078
Driftsutgifter	508 143 408	484 217 307	487 899 657	500 157 920
Brutto driftsresultat	922 672	-2 541 209	-2 222 090	-3 905 842
Netto finansutgifter	-14 920 088	-15 636 000	-15 936 000	-11 446 351
Motpost avskrivninger	23 760 064	21 000 000	21 000 000	21 183 998
Netto driftsresultat	9 762 648	2 822 791	2 841 910	5 831 805
Disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-9 762 648	-2 822 791	-2 841 910	-5 831 805
Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Regneskaperen for 2020 visar eit netto driftsresultat for Sveio kommune på 9,8 millionar kroner. Dette er 6,9 millionar kroner meir enn både opphavleg og regulert budsjett. I følgje Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør netto driftsresultat over tid vera på minst 1,75 prosent av inntektene for kommunesektoren samla. Dette målet er endra frå 3,0 % frå og med 2014. For Sveio kommune sin del blei netto driftsresultat på 1,9 % av inntektene i 2020.

Dei samla driftsinntektene for kommunen auka med 2,6 % frå 2019 til 2020. Driftsutgiftene auka med 1,6 %. Som ein følgje av dette gjekk brutto driftsresultat opp med 4,8 millionar kroner frå 2019 til 2020.

Frie inntekter

Frie inntekter	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Innbyggjartilskot (likt beløp per innb.)	123 381	127 033	131 298	134 503	142 229	144 406	142 972	143 718	143 698	143 678
Utgiftsutjamning	27 022	28 249	27 312	27 562	25 333	23 836	26 609	26 799	26 798	26 796
Overgangsordningar (INGAR fra 2009)	-349	-321	-568	-405	-306	-212	-218	-200	-200	-200
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og aravg)	618	976	1 440	1 351	1 539	2 689	1 659	1 170	1 170	1 170
Veksttilskot	1 399	810	0	0	0	0	0	0	0	0
Ordinært skjøn inkl bortfall av dif.arb.avg.	3 800	3 700	3 800	3 600	3 600	3 400	2 800	2 800	2 800	2 800
Endringer saldert budsjett 2014-2016	-71	797	0	0	0	0	0	0	0	0
Budsjettvedtak på Stortinget	0	0	0	478	0	0	431	275	275	275
RNB 2009-2017 mm	1 083	0	1	0	0	876	0	0	0	0
Korona - skjønn, inntektssystemet mm	0	0	0	0	0	9 652	6 265	0	0	0
Sum rammetilskot u/ inntektsutj	156 883	161 245	163 282	167 088	172 394	184 647	180 518	174 562	174 541	174 520
Netto inntektsutjamning	16 250	20 628	2 355	25 148	30 330	24 980	29 106	29 106	29 106	29 106
Sum rammetilskot	173 133	181 873	165 637	192 236	202 724	209 627	209 624	203 668	203 647	203 626
Skatt på inntekt og formue	121 337	130 903	160 876	140 486	141 649	146 291	154 132	154 132	154 132	154 132
Sum skatt og rammetilskot	294 470	312 776	326 513	332 722	344 373	355 918	363 756	357 800	357 779	357 758


Endring fra foregåande år	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Sum rammetilskot	5,0 %	-8,9 %	16,1 %	5,5 %	3,4 %	0,0 %	-2,8 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Skatt på inntekt og formue	7,9 %	22,9 %	-12,7 %	0,8 %	3,3 %	5,4 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Sum skatt og rammetilskot	6,2 %	4,4 %	1,9 %	3,5 %	3,4 %	2,2 %	-1,6 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Tala frå 2014-2020 er i kroner frå dei respektive åra. Tala frå 2021-2024 er i 2020-kroner, og er basert på berekningar fra KS. Det er avvik mellom sum rammetilskot i tabellen over og rammetilskot i rekneskapsversynet. Avviket skyldast kompensasjon for tapte inntekter korona.

Kommunens frie inntekter består av rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

Av tabellen over går det fram at samla rammetilskot utanom inntektsutjamningar har auka med 27,8 millionar, eller 17,7 % frå 2015 til 2020. Inntektsutjamning og skatt på inntekt og formue har auka med 33,7 % i same periode, frå 137,6 millionar i 2015 til 171,3 millionar i 2020. Samla har auken i frie inntekter vore på 209 % frå 2015 til 2020. Dette utgjør ein auke på 61,4 millionar kroner i perioden.

Delen av frie inntekter som kjem frå skatt på inntekt og formue har gått ned frå 41,2 % i 2015 til 41,1 % i 2020. Frå 2016 til 2017 auka andelen frå 41,9 til 49,3. Dette skyldast ekstraordinær høg



skattebetaling frå ein skatteytar i 2017. I 2020 hadde Sveio kommune til saman 3,0 millionar kroner i inntekter frå eigedomsskatt. Dette utgjør kr 512,- per innbyggjar. For landet utanom Oslo var inntektene per innbyggjar over fem gonger så høge, kr 2 803,- per innbyggjar. I 2020 var inntektene frå eigedomsskatt 13,3 millionar kroner lågare i Sveio enn dei ville vore med eigedomsskatt på linje med gjennomsnittet i Noreg utanom Oslo. Inntektene frå eigedomsskatt i Sveio fordelar seg med 56 % på bustad- og fritidseigedomar og 44 % på andre eigedommar.


Driftsresultat

Brutto driftsresultat blei 3,5 millionar kroner høgare enn budsjettert i 2020, og enda på 0,9 millionar kroner. Netto driftsresultat blei på 9,8 millionar kroner i 2020, medan det var budsjettert til om lag 2,8 millionar kroner. Opphavleg budsjett vedteke i desember 2020 var også eit netto driftsresultat på 2,8 millionar kroner. I 2020 fekk Sveio kommune inntekter frå Havbruksfondet på 10,7 millionar kroner. Utan desse inntektene ville kommunen fått eit underskot på 0,9 millionar kroner i 2020.


Driftsinntektene blei 27,4 millionar høgare enn budsjettert i 2020. Dette skuldast mellom anna større overføringar og tilskot frå andre (15,4 millionar kroner), hovudsakleg som auka inntekter frå sjukeløn/fødselspengar og inntektene frå Havbruksfondet. Skjønstilskot grunna koronapandemien blei 3,0 millionar kroner.

Driftsutgiftene i 2020 blei 23,9 millionar høgare enn budsjettert. Lønsutgiftene inkludert sosiale utgifter blei 10,6 millionar kroner høgare enn budsjettert. Overføringar og tilskot til andre blei samla sett 4,4 millionar over budsjett. Høgare overføringar enn venta skuldast i stor grad overføringar i samband med FOS-samarbeidet. Utbetalingane frå FOS motsvarast av tidlegare høgare inntekter.

Netto driftsresultat blei på 9,8 millionar kroner i 2020, medan det var budsjettert til om lag 2,8 millionar kroner. Avviket frå budsjett skuldast høgare inntekter enn planlagt og ikkje fullt så stor auke i utgiftene. Opphavleg budsjett vedteke i desember 2019 viste også eit netto driftsresultat på 2,8 millionar kroner.



Gjeld





Per 31.12.2020 har Sveio kommune ei langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingane på 503,7 millionar kroner. Startlån utgjør om lag 22,6 millionar kroner av gjelda. I tillegg har kommunen netto pensjonsforpliktingar på 58,1 millionar kroner. Totalt sett utgjør Sveio kommune si langsiktige gjeld, eksklusiv pensjonsforpliktingar 96,5 % av kommunens brutto driftsinntekter.

Driftsfond

Sveio kommune har 91,6 millionar kroner på frie driftsfond per 31.12.2020. I tillegg kjem 12,7 millionar kroner på bundne driftsfond. Desse midlane er mottekne av andre og kan berre nyttast til det føremål som er bestemt av givar.

Brutto driftsutgifter

Sveio kommune sine driftseiningar er delt inn i ulike rammeområde. Tabellane under visar kvart rammeområde sin del av kommunen sine brutto driftsutgifter i 2020 og den årlege prosentvise endringa siste 7 år.




Den økonomiske stillinga

Av figuren under ser me at Sveio kommune har hatt ein sterk vekst i både gjeld, og eigendelar frå 2011. Eigenkapitalen har hatt ein endå sterkare vekst i perioden.

Balansen	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Anleggsmidlar	745 049 751	778 701 356	846 959 731	901 923 450	931 813 724	968 904 057 570	1 026 336 1 971	1 074 720 1 326	1 171 704 1 485	1 250 524 203
Omløpsmidlar	109 508 328	116 972 150	128 084 086	130 191 440	144 917 114	208 385 515	237 652 146	334 455 673	312 780 955	295 445 987
Sum eigendelar	854 558 079	895 673 507	975 043 818	1 032 114 891	1 076 730 838	1 177 289 572	1 263 988 717	1 409 176 644	1 484 485 282	1 545 970 190
Eigenkapital:										
- ubundne fond	11 363 715	23 332 517	21 193 783	32 019 518	40 559 138	54 579 242	73 906 596	92 242 027	100 465 268	103 467 416
- bundne fond	10 474 891	9 870 522	12 694 040	13 318 857	10 910 620	15 655 397	20 114 315	17 327 637	15 770 729	16 432 189
- annan eigenkapital	10 331 266	-4 943 739	2 977 973	3 326 818	9 520 730	8 096 176	6 417 839	8 046 829	2 080 086	-1 639 492
- kapitalkonto	198 279 850	180 517 438	182 863 497	189 710 041	211 407 685	209 638 064	231 329 202	247 105 303	277 277 509	352 365 330
Sum eigenkapital	230 449 723	208 776 738	219 729 293	238 375 234	272 398 173	287 968 877	331 767 952	364 721 796	395 593 592	470 625 443
Langsiktig gjeld	567 280 879	619 339 179	699 574 695	735 389 061	748 122 878	823 456 445	867 766 643	970 418 047	1 013 450 527	1 006 159 943
Kortsiktig gjeld	56 827 477	67 557 589	55 739 830	58 350 596	56 209 786	65 864 249	64 454 121	74 036 801	75 441 162	69 184 804
Sum gjeld	624 108 356	686 896 768	755 314 525	793 739 657	804 332 664	889 320 694	932 220 764 848	1 044 454 689	1 088 891 747	1 075 344
Sum eigenkapital og gjeld	854 558 079	895 673 507	975 043 818	1 032 114 891	1 076 730 838	1 177 289 572	1 263 988 717	1 409 176 644	1 484 485 282	1 545 970 190
Eigenkapitalprosent	27,0 %	23,3 %	22,5 %	23,1 %	25,3 %	24,5 %	26,2 %	25,9 %	26,6 %	30,4 %

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Arbeidskapital (omløpsmidler - kortsiktig gjeld)	52 680 851	49 414 561	72 344 256	71 840 844	88 707 328	142 521 266	173 198 025	260 418 872	237 339 793	226 261 183

Eigendelar, gjeld og eigenkapital



Likviditet


Sveio kommune hadde god likviditet i heile 2020. Det var aldri fare for at kommunen ikkje skulle vere i stand til å betale sine forplikingar etter kvart som dei forfall til betaling.


Likviditetsgrad I og II er dei nøkkeltala som oftast nyttast for å vurdera likviditeten til ein bedrift eller ein kommune.

Som ein følgje av denne utviklinga har delen av eigendelar som er finansiert med eigenkapital gått opp. I 2011 utgjorde eigenkapitalen 27,0 % av eigendelane, medan den berre utgjorde 30,4 % i 2020. Ein tommelfingerregel seier at eigenkapitalprosenten til ei industribedrift minst bør vera på 35 %. Ein har ikkje tilsvarande måltal for kommunar.

Ein viktig årsak til utviklinga er at kommunens pensjonsleverandørar etter regelendringar har redusert kommunens pensjonsforplikingar og auka kommunens pensjonskapital. Sveio kommune finansiera nye investeringar med

låneopptak. Som ei motvekt til dette betala kommunen meir i årlege avdrag enn det som er lovpålagt.





	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Likviditetsgrad I	2,3	2,0	2,7	2,6	2,9	3,5	3,7	4,5	4,1	4,3
Likviditetsgrad II	2,1	1,9	2,4	2,3	2,7	3,2	3,5	4,4	4,0	4,2

Hovudregelen er at likviditeten er tilfredsstillende om likviditetsgrad I er større enn to og likviditetsgrad II er større enn ein.

Dei ti siste åra har både likviditetsgrad I og II vore høgare eller lik dei respektive måltala. Det har vore ei klar betring i kommunen sin likviditetssituasjon frå 2011 til 2020.

Investering

Sveio kommune investerte for 63,6 millionar kroner i anleggsmidler i 2020. Det var planlagt å investera for 191,4 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving av investeringar. Forseinka investering i nytt badeanlegg og to brannstasjonar gjer særskilt store utslag. Det var planlagt å investera for høvesvis 39,3 og 31,5 millionar kroner i badeanlegg og brannstasjonar i 2020, medan det berre blei gjennomført investeringar for 1,1 millionar kroner.

Bevilgningsoversikt - investering

	Regnskap 2020	Reg. budsjett 2020	Oppr.budsjett 2020	Regnskap 2019
1 Investeringer i varige driftsmidler	63 580 035	191 399 936	38 995 000	93 052 623
2 Tilskudd til andres investeringer	3 440 332	0	0	53 678
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	959 055	1 200 000	1 200 000	4 304 707
4 Utlån av egne midler	8 100 000	9 100 000	0	28 605
5 Avdrag på lån	0	0	0	1 100 470
6 Sum investeringsutgifter	76 079 422	201 699 936	40 195 000	98 540 083
7 Kompensasjon for merverdiavgift	8 907 494	31 398 555	6 485 000	16 061 569
8 Tilskudd fra andre	827 593	2 989 595	0	1 764 151
9 Salg av varige driftsmidler	0	5 500 000	4 000 000	2 016 056
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	1 057 423
13 Bruk av lån	56 326 268	155 673 686	31 830 000	72 508 670
14 Sum investeringsinntekter	66 061 355	195 561 836	42 315 000	93 407 869
15 Videreutlån	367 218	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	367 218	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 100 160	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	1 299 608	0	0	0
19 Netto utgifter videreutlån	-199 448	0	0	0
20 Overføring fra drift	9 730 000	9 730 000	1 080 000	6 172 840
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	-319 482	0	0	150 000
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	408 100	1 908 100	800 000	0
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	9 818 618	11 638 100	1 880 000	6 322 840
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0	0	0	0

Samla sett er investeringsrekneskapen gjort opp utan at noko er udekket eller udisponert. Det er nytta 2,6 millionar kroner av ubrukte lånemidler som er planlagt til andre investeringar seinare år for å dekket meirkostnader på gjennomførte prosjekt i 2020.



Dei største investeringane i 2020 var knytt til Sveio skule (14,0 millionar), flytting av driving range (10,1 millionar), pumpestasjon Vikse – Rophus (5,4 millionar) og bustadfelt Sveiåsen 3 (4,7 millionar).

I 2021 er det budsjettert med nye investeringar i varige driftsmidlar på 26,7 millionar kroner. Legg ein til investeringsrestanse frå tidlegare år er det planlagd investeringar i varige driftsmidlar i 2021 på 163,0 millionar kroner. Den største planlagde nye investeringa i 2021 er Trafikksikring med 5,0 millionar kroner og Furuvatn vatnbehandlingsanlegg med 4,0 millionar kroner. Tar ein med tidlegare års bevilling skal det etter planen investerast for høvesvis 6,0 millionar kroner og 7,9 millionar kroner.



Sveio
31.3.2021

Jostein Førre
Rådmann